



Stryn kommune

2014 - 2024

Kommunedelplan for oppvekst



Planstrategi

Samfunnsdel

Handlingsdel/Økonomiplan

Arealdel

Kommunedelplan

Vedteke i kommunestyret 18.12.2014



Innhald

Samandrag.....	s. 3
Innleiing.....	s. 4
Føremål med planen.....	s. 4
Oppbygging av planen.....	s. 5
Bakgrunn og mandat for arbeidet.....	s. 5
Heimel og virkeområde.....	s. 5
Oppfølging av planen.....	s. 7
Føringer for planarbeidet.....	s. 7
Medverknad.....	s. 8
Del 1: Kvalitet i opplæringssektoren	
1.1. Innleiing.....	s. 9
1.2. Tverrfagleg, heilskapleg og samordna tenestetilbod.....	s. 9
1.3. Samarbeid med heimen.....	s. 10
1.4. Tilsette med høg kompetanse.....	s. 11
1.5. IKT i opplæringa.....	s. 12
1.6. Integrering av fleirspråklege.....	s. 12
1.7. Kultur i barnehagar og skular.....	s. 13
1.8. God helse, psykisk og fysisk – grunnlag for god læring.....	s. 14
1.9. Kommunal organisering.....	s. 14
1.10. Kvalitet i barnehagen.....	s. 15
1.11. Kvalitet i grunnskulen.....	s. 18
1.12. Kvalitet i SFO – skulefritidsordning.....	s. 24
1.13. Kvalitet i vaksenopplæringa.....	s. 25
1.14. Evt. framtidig asylmottak.....	s. 27
1.15. Det 13-årige skulelopet.....	s. 27
1.16. Stryn Leirskule.....	s. 28
1.17. Kvalitet framover – mulegheiter, utfordringar og dilemma.....	s. 28
Del 2: Rammevilkår – folketalsutvikling/bruk av ressursar	
2.1. Innleiing.....	s. 30
2.2. Folketalsutvikling.....	s. 30
2.3. Ressursinnsats.....	s. 34
2.4. Struktur.....	s. 38
2.5. Kvalitetssikring.....	s. 41
2.6. Oppvekstsektoren framover – mulegheiter, utfordringar og dilemma.	s. 42
Del 3:	
Handlingsprogram 2014 – 2018.....	s. 47
Litteratur.....	s. 50



Samandrag

Kommunedelplan for oppvekst 2014-2024 omhandlar barnehage, skule, SFO, vaksenopplæring og tverretatlege tiltak for born/unge, med fokus både på kvalitet i innhald og organisering/struktur. Det skal vere ein langtidsplan for områda, og plangruppa som har hatt ansvar for arbeidet, har valt å dele planen i tre:

Del 1: Kvalitet i oppvekstsektoren

Del 2: Rammevilkår – folketalsutvikling/bruk av ressursar

Del 3: Handlingsprogram 2014 – 2018

Det er mange element som til saman utgjer kvalitet i tenestetilbodet, nokre vedkjem heile sektoren medan andre er spesifikke for dei ulike avdelingane. Det er viktig å tenke heilsakleg for å ta i vare heile mennesket, og vi har plikt til å kople inn fagkompetanse frå andre fagfelt når behovet er der. Føresette er viktige støttespelarar for arbeidet i vår etat, og systematisk kontakt og samhandling med dei er avgjerande for kvaliteten.

Vi treng tilsette med høg fagleg kompetanse på alle nivå, og kommunen må tenke langsiktig for å sikre dette. Gode og målretta rekrutteringstiltak må til for å møte stor avgang dei komande åra. Det er også viktig med målretta tiltak for integrering av fleirspråklege, både barn, unge og vaksne. Vi ønskjer eit kulturelt mangfald og legg til rette for eit allsidig læringsmiljø.

Folkehelseperspektivet skal gjennomsyre einingane våre, og det blir lagt føringar for fysisk aktivitet og fokusert på sunt kosthald.

Barnehagen skal i samarbeid med heimen, ta i vare barna sine behov for omsorg, leik, læring og sosial kompetanse. Gode strategiar for dette er forpliktande for alle.

Det grunnleggande prinsippet i skulen er einskapsskulen, tufta på trivsel, likeverd, glede ved å meistre og tilpassa opplæring med høgt læringstrykk. Viktige strategiar er m.a. å arbeide målretta for gode læringsmiljø med nulltoleranse for mobbing og god klasseleiing. Skulefritidsordningane har som hovudmål å legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar tilpassa barna sine behov. SFO skal gje barna omsorg og tilsyn og vere ein læringsarena for gode opplevingar og erfaringar.

Stryn Vaksenopplæringssenter har ansvar for vaksenopplæringstiltak etter vaksenopplæringslova, introduksjonslova og opplæringslova og har m.a. som mål å gje deltarane ferdigheter og kunnskap som kan bidra til å styrke grunnlaget deira for eit meiningsfylt, sjølvstendig og samfunnsaktivt liv.

Det er avgjerande for kvalitet i tenestetilbodet at etaten har forutsigbare rammevilkår.

Barnehagar og skular i Stryn kommune driv rimeleg effektivt, men dette varierer frå eining til eining og frå år til år.

Folketalsutvikling og barne-/elevtal er ein vesentleg faktor for korleis vi prioriterer å bruke dei ressursane vi har til rådvelde. Det er ei utfordring å kunne beskrive forventa utvikling. Fødselstal viser ein tendens medan framskrivingar viser ein annan. Fødselstala viser ein nedgang i tal barn og elevar fram mot 2020, medan framskrivingar, som tek høgde for forventa tilflytting og fråflytting, viser ein auke. Vi ser eit auka press i sentrum. Det vil bli behov for å styrke kapasiteten her, og ulike alternativ er skissert. Konsekvensutgreiingar er delvis gjort tidlegare, men drøftingar rundt ønska kvalitet, økonomisk berekraft og tal/storleik på einingar må vurderast og greiast ut. Etaten toler ikkje fleire kutt utan at det går ut over kvaliteten. Omorganisering/strukturendring vil då tvinge seg fram.



Innleiing

Stryn kommune skal vere ein attraktiv kommune for barnefamiliar å bu i og å flytte til. Ein føresetnad for det er gode og framtidsretta barnehagar og skular. Tenestetilbodet for barn og unge i Stryn kommune skal vere av god kvalitet og i samsvar med nasjonale føringer i lover og forskrifter. Det er eit kommunalt ansvar at tenestene har ei organisering og eit ressursgrunnlag som gjev alle barn/elever eit likeverdig tilbod og ei forsvarleg opplæring, uavhengig av kva barnehage eller skule dei går på. Ressursfordeling som skal sikre dette, også i eit langsiktig perspektiv, er nødvendig.

Stryn kommune har vedtatt eigne kommunedelplanar for kulturavdelinga i delplanar for kultur og for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, men har ikkje hatt eigen plan for oppvekst.

Skule- og kulturutvalet valde ei plangruppe med mandat til å utarbeide kommunedelplan for oppvekst i Stryn kommune. Det vart bestemt at fokus skal ligge både på kvalitet i innhald og organisering/struktur. Gruppa har hatt slik samansetting:

Koordinator og sekretær for plangruppe: Hilde Lødøen, nestleiar skule- og kulturetaten

Plangruppe:

Jorunn Aa Myklebust, rektor/styrar Loen skule og barnehage

Hilde Nesje, rektor Stryn Vaksenopplæringsenter

Per Inge Seime, rektor/styrar Vikane skule og barnehage

Eva Sefland, styrar Tonning barnehage

Solbjørg Fjellkårstad, rektor Tonning skule

Anita Flo, Utdanningsforbundet

Arne Spilde, Fag forbundet

Plangruppa har i arbeidsprosessen delt seg i fagområde og knytt til seg ressurspersonar frå dei ulike områda planen omhandlar.

Barnehage: Eva Sefland (koordinator), Malin Carlsson, Jorunn Aa Myklebust og Bente Frøholm

Skule og SFO: Per Inge Seime (koordinator), Solbjørg Fjellkårstad, Anita Flo, Sissel Aabrek og Gro Birgit Egseth

Vaksenopplæring: Hilde Nesje (koordinator), Reidun Skarstein og Alf Lefdalsnes

Føremål med planen

Planen skal vere retningsgjevande for barnehagane og skulane sine oppgåver og prioriteringar. Ein ønskjer å sikre ei heilskapleg forståing og gjennomføring i sektoren. Kommunedelplanen for oppvekst skal danne grunnlag for dagleg drift og framtidig utvikling for områda knytt til sektoren.

Oppvekstplanen er ein langtidsplan for perioden 2014-2024. Planen skal etter plan- og bygningslova reviderast kvart 4.år. Nye tiltak og justering av, eventuelt nye mål, vil følgje som ein konsekvens av dette arbeidet. Handlingsprogrammet som føl planen skal rullerast årleg og koplast mot budsjettprosessen i kommunen slik at ein sikrar at det er samanheng mellom mål, tiltak og ressursar, og slik at økonomiske og administrative konsekvensar er synliggjort for avgjerdsmyna i kommunen. Kommunedelplanen er:

- eit verktøy for det langsiktige og det daglege og arbeidet i sektoren



- eit politisk dokument og styringsverktøy for å oppnå dei måla kommunen har for området
- eit konkret arbeidsverktøy for politisk handsaming kva vedkjem oppvekstsektoren
- med å sikre at heile barnet blir tatt i vare gjennom samordna tverrfagleg og tverretatleg samarbeid
- med å sikre og stimulere til utvikling og kvalitet
- med å legge til rette for drift og vedlikehald
- med å legge til rette for å løyse dagens- og framtida sine utfordringar både i høve innhald og struktur

Oppbygging av planen

Oppdraget vårt er alltid å leite etter korleis det enkelte barn/elev skal få ein trygg og god oppvekst som stimulerer til læring. I eit slikt perspektiv må ein tenke heilskapleg, bygge kompetanse og leite etter tiltak vi veit verkar, både med omsyn til eit godt psykososialt miljø og god læring.

Med dette som utgangspunkt har planen fått ei klar tredeling:

1. Kvalitet i tenestetilbodet
2. Rammevilkår - folketalsutvikling/bruk av ressursar
3. Handlingsprogram

Innleiingsvis ligg det eit samandrag av planen.

Bakgrunn og mandat for arbeidet

Som følgje av Stryn kommune sitt arbeid med kommuneplan, vedtok skule- og kulturutvalet 18.06.2013 i sak SK 023/13 at det skal utarbeidast ein samla kommunedelplan for oppvekst. Planen skal omhandle skule, barnehage, SFO og voksenopplæring. Det skal også vurderast tverretatlege tiltak for born/unge i denne planen.

Skule-og kulturutvalet vedtok vidare i SK036/13 22.10.2013 med heimel i plan- og bygningslova § 11, å legge utkast til planprogram til høyring i tidsrommet 30.10.2013 – 12.12.2013. Det kom inn 3 innspel innan fristen og eitt etter. Alle innspela er tatt med i det vidare arbeidet.

Heimel og virkeområde


Heimel for utarbeiding av kommunedelplan er nedfelt i plan- og bygningslova § 11. Lova legg mellom anna rammer for korleis planarbeidet skal gjennomførast.

Planen sitt verkeområde:

Planen omhandlar alle områda som skule- og kulturetaten har ansvar for, med unntak av kulturarvelingen som har vedtatt eigne kommunedelplanar.



Dette er eit omfattande verkeområde som omfattar:



I tillegg per dato, to private barnehagar:

Stryn Bedriftsbarnehage

Minidoffen familiebarnehage



Oppfølging av planen

Planen skal vere eit styringsverktøy for politikarar og administrasjonen i arbeid og oppfølging innafor feltet skule, barnehage, SFO, vaksenopplæring og tverretatleg samarbeid.

Plandokumentet skal reviderast etter Plan- og bygningslova (PBL):

- Utviklingsplan kvart 4. år
- Handlingsprogram kvart år

Føringar for planarbeidet

Stryn kommune vil vere ein god og framtidsretta skule- og barnehageeigar som føl opp dei plikter som er lagt til kommunen gjennom lovverk og styringssignal uttrykt i dokument frå departement og direktorat, region og kommune.

Eit utval av sentrale føringar:

- Lov om barnehagar med forskrifter
- Opplæringslova med forskrifter
- Vaksenopplæringslova
- Introduksjonslova
- Plan og bygningslova
- Lov om folkehelsearbeid (Folkehelselova)
- Lov om barnevernsteneste
- Lov om kommunale helse og omsorgstjeneste
- Lov om sosiale tenester i NAV
- Barnekonvensjonen
- Rammeplan for innhald og oppgåver i barnehagen
- Læreplanverket for Kunnskapsløftet
- Læreplan i grunnleggande norsk for språklege minoritarar
- Forskrift om Miljøretta Helsevern i skule og barnehage
- St. meld. 18 (2010–2011) Læring og fellesskap. Tidlig innsats og gode læringsmiljøer for barn, unge og voksne med særlege behov
- St. meld. 22 (2010 – 2011) Motivasjon – Mestring – Muligheter, Ungdomstrinnet
- St.meld. nr. 16 (22006-2007) "".....og ingen stod igjen"
- St. meld. nr. 31 ((2007-2008) "Kvalitet i skolen"
- St. meld. nr. 41 ((2008-2009) "Kvalitet i barnehagen"
- St.meld nr. 24: (2012 – 2013) «Framtidas barnehage»
- St. meld. nr. 19 ((2009-2010) "Tid til læring" (Oppfølging av Tidsbruksutvalets rapport)
- St.meld.nr. 20 (2012-2013) På rett vei – kvalitet og mangfold i fellesskolen
- NOU 2012: 1, Til barnas beste, Ny lovgivning for barnehagene
- NOU 2009: 18 "Rett til læring" (Betre læring for barn, unge og voksne med særskilte behov)
- NOU 2009: 22 "Det du gjør, gjør det helt" (Betre samordning av tenester for utsette barn)
- NOU 2010: 7 "Mangfold og mestring" (Fleirspråklege, born, unge og voksne i opplæringssystemet.)
- Diverse strategidokument frå Kunnskapsdepartementet/KS/Utdanningsdirektoratet



Kommunale føringer

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2013 – 2024, vedtatt i Stryn kommunestyre 23.10.2013
Økonomiplan
Tilstandsrapport for grunnskuleområdet
Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2013 –2016
Kommunedelplan for kultur 2013 – 2016
Visjon og verdiar for tilsette i Stryn kommune
Personalhandboka for Stryn kommune
Plan for kompetanseutvikling
Program for nyutdanna
Informasjon og oppfølging av nyttilsette
Kommunen si samling av kartleggingsverktøy i barnehagen – «Alle med»
Kartleggingsverktøy som grunnlag for tilpassa opplæring i grunnskulen
Skular/barnehagar sine pedagogiske årsrapportar/verksemndplanar
Kommunal årsrapport og årsrapportar/verksemndplanar frå einingane
Kommunale instruksar
Beredskapsplanar skule- og kultur
Handbok for samarbeid barn og unge
Internkontroll Helse – Miljø – Sikkerheit for barnehane og skulane i Stryn
Andre prosedyrar lagt i Kvalitetslosen

Regionalt samarbeid

- Nordfjordrådet og rådmannsgruppa greier ut og handsamar saker om aktuelle samarbeidsområde i Nordfjord.
- Nordfjordkommunane med dei skule- og barnehagefagleg ansvarlege har inngått eit fast og formelt samarbeid innan ulike prioriterte satsingsområde for grunnskule og barnehage, Tema dei siste åra har m.a. vore:
 - Kvalitetssikring
 - handtering av personsensitive data
 - tilpassa opplæring
 - vurdering for læring
 - språk i barnehagen

Medverknad

Det er ønska stor grad av medverknad frå ulike grupper som har interesse av planarbeidet.
Fagforeiningane - Utdanningsforbundet og Fagforbundet - har vore med i heile planprosessen.

Det er lagt til rette for å kome med innspel i planprosessen frå ulike fagområde; m.a. i administrasjonsmøte med styrarar og rektorar, frå tilsette i skular og barnehagar, administrasjonen og andre etatar. Konkrete innspel og problemstillingar er tatt med i planarbeidet. Planen er lagt til offentleg høyring i tråd med lovkrava.



Del 1: Kvalitet i oppvekstsektoren

1.1. Innleiing

Det er mange element som til saman utgjer ein kvalitativ god barnehage og skule. Vi har bygt opp kommunedelplanen slik at vi først tek føre oss kvalitetstilhøve som vedkjem heile sektoren, for så å sjå nærmare på kva som må til for å sikre kvaliteten i dei ulike avdelingane.

Kommuneplanen sin samfunnsdel for Stryn kommune seier at folkehelseperspektivet skal gjennomsyre alt kommunalt planarbeid og tenester.

1.2. Tverrfagleg, heilskapleg og samordna tenestetilbod

Stryn kommune har arbeidd mykje med korleis tenestene skal organiserast slik at barn og vaksne opplever at det er ei dør inn når det er trøng for hjelp og tenester frå fleire hjelpeinstansar.

Instansar som er særleg involvert i dette arbeidet er:

- Barnehagar
- Skular
- PPT
- Barnevern
- Helsestasjon og skulehelsetenesta
- Flyktningtenesta

Strategi

- Rask iverksetting av tiltak og sikre framdrift i arbeidet når det er avdekkta trøng for tenester
- Fokus på førebygging og folkehelsearbeid
- Sikre tilsette med rett kompetanse og kjennskap til kvarandre sine fagfelt, og til kva samarbeidspartar som finst.
- Sikre at tenestetilboden vert opplevd som tilgjengeleg og oversikteleg for barn og vaksne
- Sikre brukarmedverknad
- Sikre gode overgangar og samhandling mellom tenestene.
- Sikre interne rutinar og system for kvalitetssikring og evaluering

Alle fagpersonar ved dei ulike etatane pliktar å arbeide for heilskaplege løysingar. I dette arbeidet kan det også vere nødvendig med kompetanse frå andre samarbeidspartar enn dei som er nemnt over:

- | | |
|-------------------------|----------|
| - Miljøretta helsevern | |
| - Lege | -Prest |
| - BUP/vaksenpsykiatrien | -NAV |
| - Tannlege | -Jordmor |



- | | |
|--|--|
| <ul style="list-style-type: none"> - Lensmann/politi - Kulturetat/lag og organisasjoner - Flyktningkontor - Barne-/ungdomsheimar - Statlege spesialpedagogiske kompetansesenter | <ul style="list-style-type: none"> -Fysioterapeut -Fosterheimar -Habiliteringseininga -Vidaregående skule m.fl. |
|--|--|

PPT- Pedagogisk, psykologisk teneste

Alle kommunar skal etter Opplæringslova § 5-6 ha ei PP-teneste. PP- tenesta i Stryn er eigm av kommunen og ligg under skule- og kulturetaten. Kommunen sel også tenester til Hornindal kommune og Fylkeskommunen (Stryn vidaregåande skule). PPT skal hjelpe barnehagar og skular i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling, slik at det kan leggast betre til rette for barn og unge med særskilte behov.

Kven kan få hjelp?

- Barn under skulepliktig alder med særskilte behov for oppfølging
- Barn og unge i grunnskulealder med særskilte behov for oppfølging
- Vaksne med spesialpedagogiske behov
- Foreldre/føresette
- Tilsette i barnehage og skule
- Elevar i vidaregåande skule

1.3. Samarbeid med heimen

Føresette betyr mykje for barna/elevane sitt læringsutbyte og for eit godt psykososialt miljø. Barnehagen/skulen er ein viktig møtestad for barn/elevar og føresette. Systematisk kontakt og samhandling med heimen er nødvendig for å ha ei felles forståing av oppvekstsektoren sitt arbeid og ansvar.

Formell dialog mellom heimen og barnehagen/skulen skjer på tre nivå:

- Barn/elev : t.d. utviklingsamtale, foreldresamtale
- Barnehageavdeling/klasse: foreldremøte, avdelings-/klassemøte, årsmøte
- Barnehage/skule: foreldremøte, rådsorgan (t.d. FAU, SU)

Det er viktig at det vert etablert eit godt samarbeidsklima mellom heim og barnehage/skule tidleg, slik at ein har ei felles forståing og kan kome fram til løysningar som er til beste for barna.

Det er barnehagen/skulen som skal legge til rette for samarbeid med heimen.

- Foreldra har ansvar for barn si oppseding og danning
- Barnehage/skule og heim har felles ansvar for trivsel og utvikling
- Barnehage/skule skal vise respekt for ulike familieformer
- Barnehage/skule skal lytte til og møte foreldre sine behov så lenge det ikkje går ut over



rettane til barna/elevane og dei grunnleggande fellesverdiane ein byggjer på.

1.4 Tilsette med høg kompetanse

Tilsette med høg fagleg og pedagogisk kompetanse er ein viktig føresetnad for læring.


Kompetanseutvikling må vere forankra i lokale behov og Stryn kommune har eigen plan for kompetanseutvikling. I tillegg er det eit utstrakt samarbeid om etterutdanning i Nordfjord for lærarar, førskulelærarar og fagarbeidarar/assistentar.

Prioritering av satsingsområde skjer på tre nivå:

- Sentrale føringar – nasjonale planar og skriv.
- Kommunale føringar – kommunen sine planar og vedtak.
- Lokale føringar – kvar skule og barnehage sine uttrykte behov

Stryn kommune har ei alderssamansetting mellom dei tilsette som tilseier at svært mange vil gå av med alderspensjon dei nærmeste 10 åra, særleg innan skule. Vi vil ha behov for å rekruttere kvalifiserte arbeidstakrar i kvass konkurransen med andre arbeidsgjevarar.

Tabellen viser tal tilsette per mars 2014:



Eigen tabell

For å rekruttere og behalde kvalifisert personale er det viktig med systematisk og langsignt satsing på fleire område:

- målretta arbeid for å halde på medarbeidarane våre så lenge som råd
- det må jobbast direkte mot høgskular og universitet for å få tak i kvalifiserte og gode nyutdanna pedagogar
- vi som alt arbeider i organisasjonen, må stå fram som gode ambassadørar for eige lokalsamfunn generelt og våre skular og barnehagar spesielt. Det handlar om å vere gode profesjonsbyggjarar i eige lokalmiljø og marknadsføre ledige stillinger som attraktive



Det er også nødvendig å ha fokus på kompetanseheving for dei medarbeidarane vi har, og Stryn kommune har m.a. lagt til rette for:

- **Leiarutvikling:** Det er behov for styrarar og rektorar som er gode pedagogiske og organisatoriske leiarar. Stryn kommune stiller krav om og legg til rette for formell leiarutdanning gjennom rektor/styrarskulen eller tilsvarande.
- **Rettleiingsprogram for nyutdanna:** Dette er eit obligatorisk program for alle nyutdanna pedagogar i Stryn kommune. Nyutdanna får hjelp av rettleiar til å reflektere over eigen praksis slik at dei raskare kjem inn i det pedagogiske og praktiske arbeidet.
- **Introduksjonsprogram og fadder for nytilsette:** Program for å setje seg raskt inn i ny arbeidssituasjon og bli ein god medarbeidar. Fadderordninga omfattar alle nye tilsette og skal nyttast også ved flytting frå ei eining til ei anna internt i kommunen.
- **Utdanningsstipend til vidareutdanning:** Det kan søkjast om stipend for utdanningar som er relevante i høve den tilsette sitt noverande tilsettingsforhold – bindingstid.
- **Inkluderande arbeidsliv – IA:** Stryn kommune er IA – verksemd med mål om å ta vare på, følgje opp og hjelpe dei sjukmelde tilbake i arbeid. Spesielt gjeld dette dei som er langtidssjukmelde og tilsette med kroniske sjukdomar.
- **Fagbrev:** Stimulerer og legg til rette for dette.
- **Andre rekrutteringstiltak**
 - ein lærling i barne- og ungdomsarbeidarfaget
 - barnehagar og skular tek i mot elevar frå ungdomsskular i arbeidspraksis
 - praksisplassar til elevar frå vidaregåande skule
 - representantar frå sektoren deltek på ulike karrieremesser som vert arrangert både i eigen kommune, fylke og i nabofylka.
 - språkpraksis for personar med innvandrarbakgrunn
 - praksisplassar for lærarstudentar.
 - arbeidspraksis gjennom NAV

1.5. IKT i opplæringa

I alle delar av samfunnet har informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) ein sentral plass, så også i vår sektor. I rammeplanen står det at barna i barnehagen bør "få oppleve at digitale verktøy kan være en kilde til lek, kommunikasjon og innhenting av kunnskap". Digitale verktøy har ein plass i barnehagen. IKT kan supplere barnehagen sine arbeidsmåtar, støtte barna si utvikling og læring og tilby nye uttrykksformer.

I læreplanen for skule er bruk av digitale verktøy definert som ei av dei grunnleggande ferdighetene. For å sikre kontinuerleg utvikling av elevane sine grunnleggande ferdigheter gjennom heile den 13-årige grunnopplæringa, er ferdighetene integrert i kompetansemåla.

I vaksenopplæringa føregår det meste av opplæringa gjennom digitale læringsressursar.

Dersom ein skal kunne følgje opp intensjon og samfunnsutvikling, er det viktig at barnehagar og skular har nok tilgang til digitale verktøy og at infrastrukturen er på plass. Dette er eit komplekst område som krev teknisk kompetanse som ikkje naturleg ligg til våre tilsette.

1.6. Integrering av fleirspråklege

I Stryn kommune har meir enn 15% av barn/elevar innvandrarbakgrunn, representert med meir enn 20 ulike morsmål.



Målet er å gje dei fleirspråklege ei god og rask opplæring i norsk språk som gjer dei i stand til å følgje opp andre fag og kunne sosialisere seg i barnehage-/skulefellesskapet og i lokalmiljøet.

Tiltak:

- Oppstart- og tilvenningsfasen identitet
 - tilknyting
 - gjenkjenning
 - oppstartsamtale
 - tett foreldresamarbeid
- Tolkesamtale, så sant det ikkje er tydeleg unødvendig, er ein føresetnad for god oppstart i barnehage/skule.
- samle ressursar og kompetanse slik at alle får eit optimalt tilbod ut frå eigen ståstad
- gje oppfølging på eige morsmål/tolketeneste
- optimal opplæring etter læreplan i grunnleggande norsk for språklege minoritetar
- felles reglar og handtering av fritaksordningar og evt. særordningar
- lik og god informasjon til heimane og samarbeid med heimane for å skape kontakt og forståing for norsk barnehage/skule og for det norske samfunn. Det er viktig å nytte tolketeneste tidleg for å sikre forståing og førebygge kommunikasjonsproblem. Ein bør arbeide for at informasjon vedrørende barnehage og skule blir utarbeidd på fleire språk.

For å få til ei god og rask språkopplæring, vert det i barnehagen lagt vekt på lytte og tale.

I skulane legg vi opp til å gje fleirspråklege elevar eit grunnskuletilbod så raskt dette praktisk let seg ordne. Elevar skal få opplæring etter læreplan for språklege minoritetar. Denne er nivåbasert, og elevar vil trenge ulik tid for å utvikle andrespråket til eit funksjonelt nivå. Det er derfor ingen føringer i høve til i kor lang tid den enkelte elev skal få opplæring for å nå kompetansemåla.

1.7. Kultur i barnehagar og skular

Det er viktig å gje barn og elevar eit allsidig læringsmiljø, kjenneteikna av kreative prosessar. Kreativitet og estetisk sans har stor betydning for lærerlyst og læringsutbyte på alle område. Gjennom å stimulere det enkelte barn sin kreativitet og estetiske sans vert det lagt eit grunnlag for nyskapning.

Både i den generelle delen av læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK06) og i Rammeplanen for barnehagen vert elevar og barn beskrive som aktivt og handlande i sin eigen læringsprosess. Kunnskap skal vere både ei skapande og formande kraft. I arbeid med kunst og kultur i opplæringa er det derfor viktig å gjøre bruk av kulturelt mangfold.

Einingane våre er viktige kulturerarar, kulturarena og møteplass for produksjon og formidling av kunst og kulturuttrykk, m.a.:

- knytt til aktivitet i arbeid med tema og fag
- i lokalmiljøet
- arrangement
- Den kulturelle skulesekken
- samarbeid med kulturskule
- bibliotektilbod og samarbeid bibliotek
- MOT

Viser elles til Kommunedelplan for kultur 2013 – 2016.



1.8. God helse, psykisk og fysisk – grunnlag for god læring

Eit av måla i *Samhandlingsreformen* er å fremje helse og førebygge sjukdom. I *Lov om folkehelsearbeid*, med verknad frå 1. januar 2012, skal bidra til at dette skjer ved at m.a. kommunar har fått eit tydeleg ansvar for å fremje folkehelse og utjamne sosiale helseforskellar.

Læring er nært knytt til god helse. Levevanar som blir etablert tidleg, er med å prege helsa resten av livet. Barnehage og skule når dei aller fleste barn på tvers av sosiale skiljelinjer og er derfor sentrale i folkehelsearbeidet. Barnehagen skal, ifølge barnehagelova, ha ein helsefremjande og førebyggande funksjon og bidra til å utjamne sosiale ulikskapar. Rammeplanen legg føringar for arbeidet på helseområdet. Det er viktig å sikre barna trygge og gode rammer som grunnlag for god helse og livskvalitet.

Etter opplæringslova har alle elevar i grunnskulen og vidaregåande opplæring rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. I læreplanverket er det sentralt at elevane skal utvikle ein helsefremjande livsstil og lære å ta vare på eiga psykisk og fysisk helse.

Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular mv. skal bidra til at miljøet fremjar helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige tilhøve, og førebygge sjukdom og skade. Barnehagar/skular har planar for arbeidet, m.a. gjennom:

- Kontinuerleg fokus på det psykososiale miljøet, både m.o.t førebygging og oppfølging
- Leik
- Uteskule
- turar
- ulike program
- andre organiserte tiltak

Stryn kommune har ikkje tilsett eigen psykolog. Ein ser eit aukande behov for behandlarkompetanse på mange einingar, og det må arbeidast for oppretting av slik stilling knytt til communal helseteneste/skulehelsetenesta.

Uteområda er i stor grad tilpassa alder og differensierte aktivitetar, men kontinuerleg oppgradering og vedlikehald er nødvendig. I tillegg treng nokre einingar ein ekstra innsats for å kunne kallast gode utedmiljø for barn/elevar. Det er obligatorisk med ein time dagleg fysisk aktivitet for 5. – 7. klasse, men mange har utvida dette til å gjelde heile skulen. Friluftsområde i nærmiljøet er viktige arenaar for fysisk aktivitet.

Viser elles til kommunen sin plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2013 – 2016.

1.9. Kommunal organisering

Det blir oppfatta som ein kvalitet at kommunen har eit overordna nivå med god fagkompetanse, d.v.s. 3-nivåkommune med kommunal avdelingsleiarar for barnehage og skule som legg til rette for m.a.:

- Administrasjonsmøte i kommunen
- Nettverksmøte og planleggingsdagar for barnehage/skuletilsette i kommunen



- Felles kurs og konferansar for barnehagane/skulane i Nordfjord
- Dialogmøte/tilsyn
- Tverretatleg/tverrfagleg samarbeid

1.10. Kvalitet i barnehage

1.10.1. Innleiing

Stortinget har i barnehagelova fastsett overordna føresegner om formålet til og innhaldet i barnehagen. Kunnskapsdepartementet har fastsett forskrift om rammeplan for innhaldet i og oppgåvane til barnehagen.

Formålsparagrafen - §1 - i barnehagelova:

- Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sitt behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling
- Barnehagen skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane
- Barna skal få utfalte skaparglede, undring og utforskertrong. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen
- Barna skal utvikle grunnleggande kunnskap og dugleik
- Barna skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnad
- Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommen sin eigenverdi
- Barnehagen skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vere ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og venskap
- Barnehagen skal fremje demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering

1.10.2. Mål og strategiar

Mål	<p>Omsorg:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Barn har rett til omsorg og nærliek, og omsorg har verdi i seg sjølv • Omsorg skal prege alle situasjonar i kvardagslivet og kome til uttrykk når barna leikar og lærer, i stell, måltid og påkledning <p>Leik:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Leik skal ha ein sentral plass i barnehagen, den har ein eigenverdi og er ei viktig side ved barnekulturen • Barnehagen må legge til rette for gode leikefellesskap der barn kan utvikle vennskap, lære sosiale ferdigheter, og utforske og bearbeide inntrykk
------------	---



	<p>Læring:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Læring skjer i det daglege samspelet med andre menneske og miljøet, og læring heng saman med leik, omsorg og danning. Barnehagen skal gje eit godt grunnlag for livslang læring og danning • Barnehagen skal setje barn i stand til å handtere livet ved at dei utviklar evna til å vere prøvande og nysgjerrige på omverda, og til å sjå seg sjølve som ein verdig medlem av eit større fellesskap <p>Sosial kompetanse:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Barna skal lære å samhandle positivt med andre i ulike situasjonar • Arbeid med sosial kompetanse skal motverke utvikling av problemåtferd som diskriminering og mobbing • Personalet er rollemodellar og bidreg gjennom eigen veremåte til at barn lærer sosiale ferdigheter <p>Språkleg kompetanse:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Alle barn må få eit rikt og variert språkmiljø i barnehagen • Barn som har sein språkutvikling/språkvanskars skal få tidleg og god hjelp <p>Barnehagen som kulturarena:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Barnehagen er ein viktig arena for å utvikle kulturell identitet • Barnehagen skal fremje kultur av, med og for barn • Barn deltek i kultur og skapar sin eigen kultur <p>Barndommen sin eigenverdi</p> <ul style="list-style-type: none"> • Gje rom for barna sine ulike perspektiv og opplevingsverder • Tilby alle barn eit rikt, variert, stimulerande og utfordrande læringsmiljø, uavhengig av alder, kjønn, funksjonsnivå og sosial og kulturell bakgrunn <p>Barn sin medverknad</p> <ul style="list-style-type: none"> • Tilpass barn sin medverknad til alder og føresetnader innanfor dei rammene dei vaksne set • Gje barna oppleveling av tilknyting og fellesskap • Barna skal vere med å bestemme gjennom å få uttrykkje eigne ynskje og behov • Støtte barn til å leve seg inn i andre sin situasjon og ta omsyn til andre <p>Fagområda</p> <p>For kvart fagområde har rammeplanen formulert mål for arbeidet for å fremje barn si utvikling og læring. Personalet sitt ansvar vert presisert. Arbeidet med fagområda skal tilpassast alder og interesser til barna, gruppесamsetning og barna sine ulike behov</p> <p>Rammeplanen sine sju fagområde:</p>
--	--



	<ul style="list-style-type: none"> • Kommunikasjon, språk og tekst • Kropp, rørsle og helse • Kunst, kultur og kreativitet • Natur, miljø og teknikk • Etikk, religion og filosofi • Nærmiljø og samfunn • Tal, rom og form <p>Planlegging, dokumentasjon og vurdering:</p> <p>Planlegging:</p> <ul style="list-style-type: none"> • God planlegging skal bidra til gjennomtenkt og fornuftig bruk av dei menneskelege og materielle ressursane i barnehagen, nærmiljøet og naturområda • Alle barnehagar skal ha ein årsplan <p>Dokumentasjon:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Læringer til barna og arbeidet til personalet må gjerast synleg som grunnlag for refleksjon over barnehagen sitt verdigrunnlag og oppgåver • Dokumentasjon skal gje foreldre, lokalmiljø og kommunen informasjon om kva barna opplever, lærer og gjer i barnehagen <p>Vurdering:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Arbeidet til barnehagen skal vurderast ut frå kriterium i barnehagelova, rammeplanen og lokale retningslinjer/planar • Systemetisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon
Strategi	<p>God og kompetent bemanning:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Fokus på pedagogisk leiing • Auka grunnbemanning – frå 3,1 vaksne til 3,3 per avdeling • To pedagogar på kvar avdeling med 20 barn • Intern kompetanseheving gjennom planleggingsdagar og personalmøte • Medarbeidarsamtaler og kollegarettleiing • Kurs, etter- og vidareutdanning innanfor barnehagen og kommunen sine satsingsområde/utviklingsplanar • Rettleatingsprogram for nyutdanna/nytilsette <p>Godt gjennomarbeidde planar og arbeidsdokument som jamleg vert evaluerte og reviderte:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Årsrapport/Verksemadplan • Årsplan for barnehagen • Månadsplanar/vekeplanar <p>Legge til rette for ein god kvardag for alle barn og særskild tilrettelegging for dei som treng det:</p>



	<ul style="list-style-type: none"> • Følgje oppsette planar, rutinar og instruksar • Kartleggingsmateriell • Tidleg innsats – språk/sosial kompetanse • Ekstra ressursar til særleg utsette barnegrupper • Rutinar for dokumentasjon og vurdering • Felles kommunale og regionale mål og satsingsområde <p>Gode rutinar for samarbeid mellom heim og barnehage:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Rådsorgan; Samarbeidsutval/FAU • Foreldremøte og årsmøte • Foreldresamtale 2 gongar i året, oftare etter behov • Tolkesamtaler for dei som treng det • Dagleg kontakt ved levering og henting
--	---

1.11. Kvalitet i grunnskulen

1.11.1. Innleiing

Regjeringa set følgjande mål for grunnopplæringa(St.meld 31 2007-2008):

Skulen sine primær oppgåver:

1. Alle elevar som går ut av grunnskulen, skal meistre grunnleggjande dugleikar som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og arbeidsliv
2. Alle elevar og lærlingar som er i stand til det, skal gjennomføre vidaregåande opplæring med godkjent vitnemål/kompetansebevis for vidare studium eller arbeidslivspraksis
3. Alle elevar og lærlingar skal inkluderast og oppleve mestring

Nasjonale mål for grunnskulen:

- Opplæringa i skule og lærebodrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring
- Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som òg kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane
- Opplæringa skal bidra til å utvide kjennskapen til og forståinga av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonale kulturtradisjon
- Opplæringa skal gi innsikt i kulturelt mangfold og vise respekt for den einskilde si overtyding. Ho skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte
- Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, duglek og haldningars for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskarktronng
- Elevane og lærlingane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad



Stryn kommune:

Det grunnleggande elementet er einskapsskuleideen. Denne byggjer på at alle elevar skal få eit likeverdig skuletilbod med same kvalitet uavhengig av bustad, kjønn og sosial bakgrunn. Det er samfunnet sitt ansvar å sjå til at lik utdanning vert reell. Einskapsskulen skal vere romsleg og ha eit inkluderande fellesskap med respekt for mangfaldet. Alle skal inkluderast og få opplæring ut frå eigne føresetnader.

Grunnskulen i Stryn er tufta på trivsel, likeverd, glede av å meistre og tilpassa opplæring.

Det er lagt stor vekt på at skulen skal spele ei sentral rolle i å skape eit godt oppvekst og læringsmiljø. Ein føresetnad er at skuleanlegga vert tilpassa allsidig bruk og at det blir ein samlingsstad for ulike kultur- og aktivitetstilbod.

1.11.2. Mål og strategiar

Hovudmål	Alle elevar skal gjevast like gode føresetnader for å utvikle evner og talent individuelt og i samarbeid med andre. Det skal takast omsyn til at elevane har ulike føresetnader og ulik progresjon, slik at alle kan oppleve glede ved å meistre og å nå måla sine.
Delmål	<ul style="list-style-type: none"> • Tilpassa opplæring med høgt læringstrykk • Kompetent personale • Godt og helsefremjande læringsmiljø • Nulltoleranse for mobbing, vald og trugslar • God integrering av fleirspråklege elevar og elevar med særskilte behov • Meir variert og praksisnært ungdomstrinn
Strategi	<ul style="list-style-type: none"> • Tydelege mål for opplæringa • God bemanning/ lærartettleik – færre elevar per kontaktlærar (frå 15 – 12) • Gode rutinar for overgang barnehage – skule, barneskule – ungdomsskule og ungdomsskule – vidaregåande skule • Ungdomstrinnsatsing – skulebasert kompetanseutvikling • Lærarar som engasjerte formidlarar og rettleiarar • Variasjon i bruk av lærerstoff, arbeidsmåtar, læremidlar og organisering • Kontinuerleg fokus på grunnleggande dugleikar • Tidleg kartlegging og oppfølging av det enkelte barn (tidleg innsats) • Bruke og vidareutvikle det kommunale kartleggingsverktøyet • Godt samarbeid skule – PPT • Spesialundervisning for dei som har behov for meir omfattande tilpassing • Stimulere, bruke og vidareutvikle kompetansen til den enkelte lærar • Legge til rette for kurs/etterutdanning og vidareutdanning • God oppfølging av nyutdanna lærarar • Bevisst rekruttering ut frå kompetansebehov • Vekt på seniortiltak som gjer at eldre lærarar vil stå lengre i jobb • God klasseleiing • Legge til rette for samarbeid med heimen og sikre at foreldre/ føresette får medansvar i skulen • Legge til rette for elevmedverknad




	<ul style="list-style-type: none"> • Felles mål/ retningslinjer for sosial kompetanse • Målretta arbeid/ handlingsplan mot mobbing • Gode kommunale rutinar for handtering av vald og trugslar • Dagleg fysisk aktivitet, fokus på kosthald • Eit variert og inspirerande uteområde • Nyte tolketeneste i arbeidet med fleirspråklege barn • God norskopplæring for fleirspråklege barn • Kompetente morsmåslærarar i dei mest aktuelle språka. • Gode rutinar for integrering av elevar med særskilde behov • Godt tverrfagleg samarbeid
--	---

I det følgjande vil vi sjå på viktige mål og strategiar for god kvalitet i skulen. I punkt 1.10.3-1.10.10 tek vi føre oss nokre av dei mest sentrale strategiane.

1.11.3. Læringsmiljø

Tre sentrale skuleforskarar seier dette om kva som er kjenneteikn på godt læringsmiljø og god klasseleiing:



(Lillejord, 2003)

Læringsmiljøet vert dokumentert årleg gjennom den obligatoriske elevundersøkinga for 7. og 10. årstrinn og lokale undersøkingar på skulane.

Arbeid med læringsmiljøet har hatt stort fokus dei seinare åra, og skulane jobbar systematisk for at alle elevar skal kjenne trivsel og glede ved å gå på skule. Det er nødvendig med kontinuerleg innsats og oppfølging for å oppretthalde eller betre dei gode læringsmiljøa vi har greidd å etablere. Nokre skular gjer seg nytte av nasjonale program, medan andre har utarbeidd lokale tiltakspakkar. Alle skulane har eigne handlingsplanar for arbeidet.



1.11.4. Klasseleiing

Klasseleiing som utviklingsverktøy er praktisk retta, med mange gode, konkrete opplegg for læraren. Klasseleiing er ei bevisstgjering av læringsmiljøet, og kva grep ein lærar kan gjere for å styre dette i riktig retning. Stikkord for god klasseleiing er:

- Positiv kommunikasjon og positiv forventning til åtferd
- Læraren skal vere tydeleg og vennleg
- Læraren skal ha god struktur på undervisninga, og effektive, gode beskjedar
- Læraren er ein tilretteleggar for inkluderande fellesskap
- Motivasjon – positiv merksemnd
- Korte og langsigktige løysingar på problem
- Den gode elevsamtalen, godt førebudd av lærar
- Tydeleg og godt samarbeid med heimen
- Respekt ligg i botnen for all samhandling

Ein fellesnemnar ved skular som presterer godt fagleg, er at elevane opplever læringsmiljøet som spesielt godt (*Stortingsmelding 20, 2012-13*).

1.11.5. Høgt læringstrykk

Are Turmo frå Universitet i Oslo, seier følgjande:

"Det er læreren som utgjør den avgjørende forskjellen for kvaliteten i skolen, finner Hattie (2009) gjennom sine omfattende metaanalyser. Når det gjelder lærerens bidrag til elevenes faglige læring, er det at læreren signaliserer forventninger til elevene, et forhold som særlig trekkes fram. Vi er her ved kjernen i begrepet læringstrykk, nemlig at elevene opplever krav og forventninger om at de skal lære".(Turmo 2011)

Kjerneoppdraget i skulen er altså at elevane skal lære.

Tidleg innsats:

«Tidlig innsats må forstås både som innsats på et tidlig tidspunkt i barns liv og som tidlig inngripen når problemer oppstår eller avdekkes i førskolealder, i løpet av grunnopplæringen eller i voksen alder» - NOU 2009:18. I Stryn brukar vi omgrepene «tidleg innsats» for å vere klar over behova til den enskilde elev, og kome raskt i gong med eventuelle tiltak.

Godt læringsutbytte:

Stryn kommune har pr. dato gode resultat på Nasjonale prøvar og andre resultatmålingar, vi viser til kommunen sin årlege tilstandsrapport. Vi har gjort særlege grep for å auke lesekompentansen for å optimalisere læringa. God lesekompentanse er grunnlaget for all læring, og det er sett i gang ein lesedugnad der alle nivå er deltarar, frå politisk og administrativt nivå til barn/elevar og føresette. Læringstrykket i alle fag må haldast oppe.

1.11.6. Tilpassa opplæring

Alle barn i grunnskulen har rett til tilpassa opplæring, det vil seie opplæring som er tilpassa den enkelte elev sine evner og føresetnader.



Skulen skal ta omsyn til at barn og unge lærer på forskjellige måtar og i ulikt tempo. Slik tilrettelegging av undervisninga kan skje gjennom ulik behandling av lærestoff, ulik fordjuping – ved variasjon i art, vanskegrad, mengd, tempo og progresjon. Læraren pliktar å legge til rette opplæringa slik at den tek omsyn til at elevane er ulike når det gjeld anlegg, interesser og andre forhold.

Opplæringa i Stryn kommune skal leggast til rette slik at kvar enkelt elev får utfordringar og får bruktevne og føresetnadane sine med sikte på å utvikle seg best muleg, både fagleg og sosialt. Elevar som ikkje kan følgje det ordinære opplæringstilboden, har rett til spesialundervisning etter enkeltvedtak.

Målet er å:

- gje alle elevar eit opplæringstilbod som stimulerer til optimal trivsel og læringsutbytte
- sikre best muleg utnytting av tilgjengelege ressursar
- sikre best muleg utnytting av spesialpedagogisk kompetanse
- sikre rettferdig fordeling av ressursane
- sikre nok ressursar i høve til behov

Spesialundervisning:

Rett til spesialundervisning er omhandla i Opplæringslova § 5.1:

Elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilboden, har rett til spesialundervisning.

I vurderinga av kva for opplæringstilbod som skal gjevast, skal det særleg leggjast vekt på utviklingsutsiktene til eleven. Opplæringstilboden skal ha eit slikt innhald at det samla tilboden kan gi eleven eit forsvarleg utbytte av opplæringa i forhold til andre elevar og i forhold til dei opplæringsmåla som er realistiske for eleven. Elevar som får spesialundervisning, skal ha det same totale undervisningstimetalet som gjeld andre elevar.

Læreplanen har tydelege mål for kva elevane skal kunne i alle fag på ulike trinn, men elevane vil i ulik grad nå, eller kunne nå, dei fastsette kompetansemåla. I skulen skal det vere plass til alle. Skulen skal difor ha tilpassa opplæring, slik at kvar enkelt elev skal stimulerast til størst muleg grad av måloppnåing.

1.11.7. Satsing på ungdomstrinnet

Vi ønskjer at alle elevar skal oppleve meistring og motivasjon, jfr. St.meld. 22. Tiltak er sett i verk for å gjere opplæringa på ungdomstrinnet meir praktisk og variert, m.a.:

- Valfag
- Utdanningsval
- Arbeidslivsfag
- Skulebasert kompetanseutvikling
- Ny Giv

God klasseleiing er ein føresetnad for å få til ei meir praktisk og variert opplæring i fag og for å skape eit godt læringsmiljø.

1.11.8. Kartlegging

Skal ein få til tilpassa opplæring må ein kjenne eleven og vite kvar han/ho står fagleg. Stryn kommune



har eit felles kartleggingssystem som skal synleggjere og sikre alle elevar ei undervisning som er tilpassa deira behov, uavhengig av skule eller lærar. Det er bestemt felles kartleggingar for alle trinn og laga prosedyrar for oppfølgingsarbeidet. Alle elevar har ein utviklingslogg som føl dei frå 1 – 10. trinn. Denne skal vise resultat frå alle kartleggingsprøvane og kva tiltak som har blitt sett inn. Verktøyet set fokus på kven som har ansvar for kva til ei kvar tid, både i førebuings- gjennomførings- og oppfølgingsfasen.

Dokumentasjonen i verktøyet vert brukt som grunnlag for søknad om ressursar til styrkingstiltak. At elevane har ein utviklingslogg, er også eit godt supplement til dei prosedyrane ein har utvikla i høve til overgangar mellom skular og i byte av lærar.

1.11.9. Vurdering for læring

Føremålet med vurderinga:

- Fremje læring og utvikling
- Gje informasjon underveis i opplæringa
- Utvikle eleven sin kompetanse
- Motivere eleven til å arbeide vidare
- Gje grunnlag for tilpassa opplæring
- Beskrive eleven sin oppnådde kompetanse

Vurdering skal bidra til motivasjon og læring. Gjennom vurderinga får elevane tilbakemelding om kva dei meistrer og råd om korleis dei kan bli betre. Lærarane må ha god oversikt over elevane sin kompetanse og utvikling i høve til kompetansemåla i læreplanen slik at dei kan gje konstruktive tilbakemeldingar underveis og tilpasse undervisninga på best muleg måte. Ein legg også opp til at elevane vurderer eiga utvikling.

Undervegsvurdering skal gjevast kontinuerleg som rettleiing til eleven. Sluttvurdering skal gje informasjon om kompetansen til eleven ved avslutning av grunnskuleopplæringa.

System for undervegsvurdering skal dokumenterast.

1.11.10. Grunnleggjande dugleikar.

Læreplanverket definerer fem grunnleggjande dugleikar i opplæringa:

- Å kunne uttrykkje seg munnleg
- Å kunne uttrykkje seg skriftleg
- Å kunne lese
- Å kunne rekne
- Å kunne bruke digitale verktøy

Dei grunnleggjande dugleikane skal inngå i opplæringa i alle fag. Læreplanverket konkretiserer korleis ein bør arbeide med grunnleggjande dugleikar innafor kvart enkelt fag.



1.12. Kvalitet i SFO – skulefritidsordning

1.12.1. Innleiing

Opplæringslova § 13-7 seier at skulefritidsordninga skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna.

Skulefritidsordninga skal gje barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal gjevast gode utviklingsvilkår. Areala både ute og inne skal vere eigna for formålet. Tilbodet skal gjevast til elevar på 1. – 4. trinn og elevar med nedsett funksjonsevne.

Opplæringslova § 9a-8 peikar på at SFO, som skulen elles, er pålagt å arbeide systematisk for å fremje eit godt fysisk og psykososialt skolemiljø.

Stryn kommune har per i dag SFO-tilbod på fem skular – Oppstryn, Tonning, Loen, Olden og Vikane; primært for elevar frå 1.-4. trinn, men også for andre som søker plass.

1.12.2. Innhold

SFO-ordningane i kommunen har felles tema og satsingsområde:

- Kvalitet
- Samarbeid skule/SFO
- Barn med spesielle behov
- Barns medverknad
- IKT

Det blir arbeidd med desse områda i fellesskap i kommunalt nettverk for SFO-tilsette, og lokalt i dei ulike einingane.

Hovudmål:	SFO skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar tilpassa barna sine behov. SFO skal gje barna omsorg og tilsyn og vere ein læringsarena for gode opplevingar og erfaringar.
Delmål	<ul style="list-style-type: none"> - SFO-tid prega av tryggleik, trivsel og varierte opplevingar for alle - Nulltoleranse mot mobbing - Tilsette med god kompetanse i rettleiing av barn - Godt samarbeid mellom SFO/skule og foreldra - Tilbod til alle som treng det - Fysisk aktive barn
Strategi	<ul style="list-style-type: none"> • Oppretthalde og utvikle dei ulike aktivitetstilboda i SFO-tida • Vidareutvikle samarbeid mellom skule og SFO; to ulike arenaer med mange felles mål • Sikre at fritid på skulen blir opplevd som positiv læringsarena basert på opplevingar og erfaringar • Felles pedagogisk plattform for SFO og skule • Legge til rette for tett samarbeid mellom SFO/skule og foreldre • Samarbeid i kommunalt nettverk for SFO-tilsette • Legge til rette for kompetanseutvikling for alle tilsette (m.a. fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget og etter-



	/vidareutdanning) <ul style="list-style-type: none"> • Målretta arbeid mot mobbing/«aktivert» handlingsplan • Legge til rette for stor grad av fysisk aktivitet og bruk av ute-/nær miljø • Sikre optimalt utbytte for barn med særskilte behov • Planar med gode og realistiske mål • Utvikle framtidsretta tilbodsstruktur • Jobbe med kvalitet i alle ledd • Fridags- og ferietilbod til alle i Tonning SFO
--	---

Utfordringar:

- Tenleg tilbodsstruktur – det er vanskeleg å imøtekome alle foreldre sine behov, både når det gjeld opningstider og tilbod i alle krinsar
- Prisnivå

1.13. Kvalitet i vaksenopplæringa

1.13.1. Innleiing

Stryn vaksenopplæringssenter, tidlegare Norskundervisninga, vart reetablert med verknad frå 01.08.08. Stryn Vaksenopplæringssenter har ansvar for alle vaksenopplæringstiltak etter vaksenopplæringslova, introduksjonslova og opplæringslova. Denne undervisninga føregår primært i 3. etasje i Kulturhuset. Dei som er tilsette her, er pliktige til å undervise alle grupper innafor kommunal vaksenopplæring. Opplæringsspråket er nynorsk.

Dette gjeld:

Grunnskuleopplæring for vaksne

Vaksne har ein lovfasta rett til å få grunnskuleopplæring. Det har ikkje vore gjeve slikt tilbod i Stryn kommune sidan 2012, men slik opplæring må evt. gjevast gjennom Stryn Vaksenopplæringssenter etter søknad til Stryn kommune. Det er personalet her og Læreplan 06 som ligg til grunn for undervisningsopplegget.

Spesialundervisning for vaksne

Vaksne som ikkje har tilfredsstillande utbytte av ordinære opplæringstilbod for vaksne og vaksne med særlege behov for opplæring for å kunne utvikle eller halde ved like grunnleggjande dugleik, har rett til spesialundervisning på grunnskulen sitt område. Denne retten gjeld også vaksne som på grunn av sjukdom eller skade har behov for fornya grunnskuleopplæring.

Det må søkjast skule- og kulturkontoret om slikt tilbod og dette vert gjeve etter enkeltvedtak. PPT må gjere ei sakkunnig vurdering før det kan fattast vedtak om slik spesialundervisning.

Opplæring i norsk med samfunnskunnskap for vaksne flyktninger

Flyktningar har rett på gratis undervisning, og dei har plikt og rett til å gjennomføre 600 timer norskundervisning med samfunnskunnskap. Kommunen har plikt til å legge til rette for ytterlegare 2400 timer for personar som har behov for slik opplæring.



Det vert gjeve undervisning for alle, frå nybyrjarar både med og utan skulebakgrunn, og for vidarekomne som har som mål å ta språkprøve 3. Det er også tilbod om undervisning for dei som skal ta prøve på høgre nivå, Bergenstesten (B2).

Skulen har tilbod om dag- og kveldsundervisning for dei som har rett til statleg finansiert undervisning.

Vaksenopplæringssenteret samarbeider tett med flyktningtenesta om språkpraksisplassar og har også eit samarbeid med NAV og flyktningtenesta om arbeidspraksisplassar.

Norskoplæring for arbeidsinnvandrarar

Arbeidsinnvandrarar har ikkje har rett til gratis undervisning, men får same tilbod som flyktningar, mot betaling. Tilboden er basert på sjølvfinansiering.

Skulen tek imot nye deltakarar fortløpende heile skuleåret. men betalingselevar må kanskje vente til det blir starta nye grupper viss det ikkje er ledig plass på dei aktuelle gruppene.

1.13.2. Mål og strategiar

Mål	<ul style="list-style-type: none"> • Gje deltakarane ferdigheiter og kunnskap som kan bidra til å styrke grunnlaget deira for eit meiningsfylt, sjølvstendig og samfunnsaktivt liv. • Gje deltakarane kommunikativ kompetanse slik at dei kan bruke språket, munnleg og skriftleg, i situasjonar og for dei formål dei har behov for i dagleglivet • Auke innvandrarane sine moglegheiter til å få arbeid og ta utdanning; til å bli økonomisk sjølvhjelpe.
Delmål	<ul style="list-style-type: none"> • Tilpassa opplæring med høgt læringstrykk • Flest muleg skal nå høgste nivå på språkprøva • Kompetent personale • Fylle tilboden etter introduksjonslova - fulldags-/heilårstilbod, 37,5 t/v • Godt og helsefremjande læringsmiljø • Nulltoleranse for mobbing, vald og trugslar • God integrering av fleirspråklege elevar og elevar med særskilte behov
Strategi	<ul style="list-style-type: none"> • God bemanning – færre elevar per kontaktlærar (12 elevar per kont.lærar) • Langsiktig planlegging gjennom bruk av individuelle planar der ein må lage mål i form av klare krav til kva deltakarane bør beherske når kurset er gjennomført. I utviklingssamtalane set ein seg mål både for språket og jobb/utdanning • Grunnskuletilbod for vaksne • Praktisk bruk av språket utanfor klasserommet gjennom språkpraksis eller anna arbeidstrening der ein har fokus på arbeidsretta norsk • Fylle krava i introduksjonslova i høve fulldags-/heilårstilbod • Ha særskilte tiltak for dei svakaste gruppene, analfabetane og spesialundervisninga slik at dei blir mest muleg sjølvstendige i samfunnet • Læreplanen skal vere styrande for ei nivåbasert vurdering av deltakarane Planen har ulike løp fram til same nivå • Samfunnsorienteringa startar så tidleg som muleg etter framkomst til landet og i samband med den grunnleggande norskoplæringa på eit språk som deltakaren forstår



	<ul style="list-style-type: none"> • Krav til kompetanse for lærarar som underviser i «norsk med samfunnskunnskap/nivåbasert norskopplæring» • Lærarane må ta utdanning og kursast i vaksenpedagogikk/migrasjonspedagogikk og spesielt i å undervise analfabetar og spesialundervisning • Auke den digitale kompetansen • Tett samarbeid med flyktningtenesta/NAV/utdanningsinstitusjonar for å følgje opp deltakarane • Godt og langsigkt arbeid retta mot obl. norsk- og samf.kunnskapsprøvar
--	--

1.14. Evt. framtidig asylmottak

Utlendingsdirektoratet er ansvarleg for organiseringa av eit fleksibelt mottaksapparat. Asylmottak er eit butilbod til asylsøkjrarar som kjem til Noreg. For dei som har fått opphaldsløyve og skal busette seg i ein kommune, startar integreringa alt medan dei oppheld seg i asylmottaket.

Asylmottaket skal i størst muleg grad vere tilrettelagt for å ta i vare barna sine behov. Barn under 16 år som bur i asylmottak, har både rett og plikt til grunnskuleundervisning etter bestemmelsane i opplæringslova. Foreldre kan også søkje barnehageplass for barn som er under skulepliktig alder. Dei har i utgangspunktet ingen fortrinnsrett, men kan søke barnehageplass på lik line med andre foreldre i kommunen.

Stryn kommune har tidlegare hatt statleg asylmottak i Olden. Asylbarna i skulepliktig alder fekk den gongen undervisningstilbodet sitt på Olden skule.

Dersom det igjen vert aktuelt med statleg asylmottak i kommunen, må ein dra nytte av dei erfaringane som vart gjort der. Ved eit evt. framtidig mottak, skal asylbarna integrerast i den skulen dei naturleg hører heime eller på eit evt. innføringssenter for fleirspråklege elevar, og dei skal følge læreplan grunnleggande norsk for språklege minoritetar.

Vaksne ved evt. asylmottak vil få tilbod om opplæring ved Stryn Vaksenopplæringssenter. Læreplan i norsk og samfunnskunnskap vert nytta i undervisninga.

1.15. Det 13 - årige skuleløpet

Diskusjonar om samordning mellom ungdomstrinn og vidaregåande skule har med jamne mellomrom blitt reist både sentralt og lokalt.

Det er vanskeleg å sjå føre seg ei samanslåing av dei to skuleslaget utan å ta grunnleggande debattar rundt kapasitet og eigarskap. Kommunen, som ansvarleg eigar for grunnskulen, ser ikkje å kunne ta stilling til ei evt. samanslåing før slike grunnleggande problemstillingar er avklart. Ein må også kome tilbake til slike problemstillingar ved ei evt. kommunereform.

Ei samhandling mellom skuleslaget er likevel både viktig og nødvendig, og det er etablert eit godt samarbeid og gode overgangsrutinar. Dette for å gje elevane eit optimalt læringsutbyte i det 13-åriga



skuleløpet, og for å hindre/redusere feilval og fråfall i vidaregåande skule. Aktuelle samarbeidsområde har vore og er m.a.:

- utdanningsval
- arbeid med fag på vidaregåande nivå for ungdomsskuleelevar
- felles fagnettverk
- samarbeid med idrettsfag
- Ny Giv
- samarbeid mellom voksenopplæring og vidaregåande skule

Det er grunnlag for å vidareutvikle samarbeidet.

1.16. Stryn Leirskule

Stryn kommune har ansvaret for det pedagogiske opplegget ved skulen. Leirskulelærar er i dag tilsett i Stryn kommune. Nordfjord fritidssenter organiserer opphaldet, mat og losjering. Dei dekker kommunen sine meirkostnadene i høve lærarløn. Det øyremerka statstilskotet dekker ikkje alle kostnadene med lærarkrefter. I kommuneproposalen for 2015 er det framlegg om at dei øyremerka statstilskota vert lagt inn i rammeoverføringane til kommunane.

1.17. Kvalitet framover – mulegheiter, utfordringar og dilemma

Mål: Vidareføre eit godt tenestetilbod for alle.

Gjennom:

- «Ei dør» når det er trond for hjelp og tenester frå fleire hjelpeinstansar. Fokus på:
- Tidleg innsats
- Tilgjengeleghet
- Samhandling
- Overgangar
- Kultur og fritidstilbod
- Nulltoleranse for mobbing, vold og trugslar
- Samarbeid om foreldre/føresette si oppdragarrolle og barnehage/skule si opplæringsrolle
- Barn/elevar sin medverknad
- Halde oppe innsatsen for å integrere fleirspråklege i barnehage, skule og samfunn.
- Tilsette med god kompetanse i rettleiing/fag/opplæring av barn/elevar
- Legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar tilpassa barna/elevane sine behov.
- Gje tryggleik, omsorg og tilsyn og vere ein læringsarena for gode opplevingar og erfaringar.
- Gode overgangar barnehage/skule og mellom skuleslag.

Arbeide for å få til sommaraktivitetar for fleirspråklege barn og elevar i samarbeid med flyktningtenesta, frivillige lag og organisasjonar. Det er særleg behov for eit aktivitetstilbod om sommaren for dei som nettopp er komne, og tilbodet bør lokaliseraast til ein fast plass.



Fleire einingar melder at aukande tal barn og unge slit med den psykiske helsa. Stryn kommune har ikkje tilsett eigen psykolog. Ein bør difor vurdere å tilsette psykolog i den kommunale helsetenesta/skulehelsetenesta.

Skule- og kulturetaten har vore gjennom mange, og til tider, drastiske nedskjeringsstiltak. Smertegrensa for å oppretthalde kvaliteten synast nådd.

Det er avgjerande for kvaliteten at etaten har forutsigbare rammevilkår.



DEL 2: Rammevilkår – folketalsutvikling/bruk av ressursar


2.1. Innleiing

I denne delen vil vi sjå nærmere på folketalsutviklinga – d.v.s. behov og etterspørsel i oppvekstsektoren, og korleis vi brukar og vil bruke dei ressursane vi har til rådvelde. Kvaliteten vi ønskjer på tenestene våre er beskrive før, og med den som utgangspunkt er folketalsutvikling og barne-/ elevtal grunnpilaren for ressursinnsatsen. Tal og prognosar indikerer korleis kommunen bør prioritere framover.

2.2. Folketalsutvikling

I langtidsplanlegging er det ei utfordring å kunne gje god beskriving av forventa utvikling. Det mest sentrale er forventa folketalsutvikling i dei aldersgruppene som har krav på plass i barnehage og skule.

Innvandring og utvandring har og vil få stor betydning for utviklinga av folketalet i Stryn kommune. I 1970 hadde kommunen 19 personar med innvandringsbakgrunn. I 2000 hadde talet auka til 206 personar. Talet ved årsskifte 2012/2013 viste 966 personar. Med andre ord har 15% av befolkninga i Stryn kommune innvandrarbakgrunn, eit tal som ser ut til å auke også framover.



Grafen viser utviklinga i folketalet i Stryn frå 2001 (SSB). Folketalet pr. 01.01.13 var 7105.

Frå 2001 har det vore ein vekst i folketalet med unntak av 2005 og 2006, noko som i stor grad skuldast nedlegging av eit statleg asylmottak. Frå 2007 til 2013 har kommunen hatt ein betydeleg folketalsvekst. Veksten skuldast delvis fødselsoverskot, men den viktigaste årsaka er flyktingar og arbeidsinnvandrarar.



2.2.1. Busettingsmønster per 01.01.14

Innbyggjarane i Stryn kommune bur relativt spreidd, men med størst folketalsauke i Stryn sentrum og Loen:

Krins	1970	1980	1990	2000	2010	2013	2014	%-endr 1970- 2014	%-endr 2000- 2014
Storesunde	373	394	342	366	323	298	297	-20,4	-13,9
Oppstryn	680	631	548	409	364	411	403	-40,7	-5,6
Tonning	1.737	2.069	2.431	2 663	3 071	3 088	3118	+79,5	16,9
Loen	412	551	576	602	707	749	763	+85,2	26,3
Olden	905	955	945	913	869	903	900	-0,6	-2,9
Oldedalen	160	172	163	149	130	127	127	-20,6	-5,9
Innvik	650	650	611	566	569	590	603	-7,2	6,7
Utvik	525	465	440	380	339	326	325	-38,1	-14,0
Nordsida	426	478	454	427	413	433	422	-0,9	-1,2
Rand	247	230	218	191	182	180	176	-28,7	-7,9
Sum	6.116	6.614	6.760	6 666	6 967	7 105	7 134	+16,6	7,0

Kjelde: Statistisk Sentralbyrå, siste kollonne er eiga utrekning

2.2.2. Fødselsprognosar og tal barn/elevar

Fødselsprognosar for born i førskulealder per. 01.01.2014 på krinsnivå.

Krins:	F 13	F12	F11	F10	F09	F08
Storesunde	5	2	4	5	2	2
Oppstryn	4	6	7	5	7	5
Tonning	41	39	47	38	57	42
Loen	6	5	5	9	12	9
Olden	7	12	8	7	9	10
Oldedalen	2	2	1	1	0	2
Innvik	7	5	7	5	8	10
Utvik	2	2	2	3	5	2
Nordsida	5	7	3	8	7	3
Rand	3	2	3	1	1	2
Sum	82	82	87	82	108	87

Eigen statistikk.



Elevtalsprognosar for den einskilde skule 2014 – 2020:

Tala for 2013/2014 er henta frå GSI-statistikken og baserer seg på elevtala som er rapportert inn frå den einskilde skule per. 01.10.2013. Prognosar vidare er henta frå Statistisk sentralbyrå sine fødeselstal. Det er viktig å merke at intern flytting skjer gjennom heile året, utan at det kjem med i denne oversikten. Vi er kjent med at tala ikkje er identisk med no-situasjonen. Tal innvandrarar varierer også mykje frå år til år og i løpet av eit skuleåret. Dette betyr at elevtalet vil endre seg og at statistikkane her berre viser tendensar.

Skuleår	2013/2014	2014/2015	2015/2016	2016/2017	2017/2018	2018/2019	2019/2020
Fødselsår	F07	F08	F09	F10	F11	F12	F13
Oppstryn	28	25	27	26	29	33	33
1. klasse	2	4	7	5	7	6	4
Tonning	344	334	354	342	347	342	337
1. klasse	52	55	59	43	51	41	46
Nordsida	43	39	42	43	42	43	40
1. klasse	7	3	7	8	3	7	5
Rand	24	23	21	20	19	16	16
1. klasse	4	2	1	1	3	2	3
Loen	61	57	57	58	58	54	56
1. klasse	10	9	12	9	5	5	6
Vikane	84	88	87	79	75	72	67
1. klasse	9	12	13	8	9	7	9
Olden b.trinn	83	84	82	75	76	78	71
1. klasse	10	12	9	8	9	14	9
Olden u.trinn	81	81	94	108	102	96	91
Stryn ungd.sk	198	200	188	191	179	187	183
Samla elevtal kommune	946	933	954	944	929	923	896

Henta frå eige adm.system Oppad som importerer fødselstala frå Folkeregisteret

Talmateriale over viser at tal elevar vil gå mykje ned framover mot 2020, men her er det verdt å merke at framskrivingstala frå SSB med middels tilflytting, vil endre dette biletet, jfr. tabell i punkt 2.2.3. Erfaringar har også vist at elevtalet vert større enn prognosane viser.

Elevar knytt til Stryn Vaksenopplæringsenter per mai 2014:

Introduksjonselevar	24
Rett og plikt (gifte med nordmenn)	13
NAV eller andre tiltak	8
Arbeidsinnvandralar	40
Spesialundervisning vaksne	3
SUM	88

Elevtalet på dagtid har vore stabilt siste åra. Kveldsundervisninga har hatt ein flott oppsving i deltagarkartal. Vi har auka timetalet på kvelden frå 2-3 timer til 4-5 timer etter deltakarar sitt ønskje. Kveldsundervisninga skal vere sjølvfinansierande.



2.2.3. Framskriving av folketal –(MMMM). Kjelde Statistisk Sentralbyrå

MMMM framskrivingsalternativ er ein vanleg modell å nytte i planarbeid.:

- Mellomnivå fruktbarheit
- Mellomnivå levealder
- Mellomnivå mobilitet (innanlands flytting)
- Mellomnivå nettoinnvandring.


	0	1-5	6-12	13-15	16-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-66	67-79	80-89	90+	Sum
2012	83	465	649	314	396	845	840	954	881	582	675	286	95	7065
2013	87	467	672	290	408	861	863	981	869	598	694	288	95	7173
2014	89	468	679	281	405	883	873	1006	873	599	726	276	95	7253
2015	91	484	669	289	408	892	894	1021	878	592	765	266	102	7351
2020	99	511	718	293	416	938	950	1014	994	570	897	300	88	7788
2025	105	547	760	323	417	920	1003	1053	1054	617	958	360	75	8192
2030	104	562	809	334	427	927	1005	1102	1030	699	1003	446	97	8545
2035	103	560	838	357	466	941	963	1136	1067	700	1072	524	121	8848
2040	102	554	835	370	494	974	947	1136	1114	708	1156	543	151	9084

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Framskrivinga her syner eit folketal på 9084 innbyggjarar i Stryn i år 2040.

Hovudtrekka i utviklinga viser at:

- dei unge årsklassane – 0-19 år – vil ha ein vekst heile perioden, og spesielt i perioden fram til 2030.
- aldersgruppa 20-39 år har ei svakt veksande kurve fram til 2030, men får då ei svak fallande kurve fram til 2040.
- den "yrkesaktive" del av folkesetnaden - 20-66 år - vil ha ein relativt stor auke fram mot 2030. Frå då og fram mot 2040 vil det flate ut.
- gruppa over 67 år er jamt aukande heile perioden fram til 2040. Over heile perioden aukar denne aldersgruppa med 75%.
- for dei eldste eldre - over 80 år – er gruppa forholdsvis stabil fram til 2020, men aukar då sterkt fram til 2040, med 79% frå 2020.



Framskriving av folketalet viser at det vil bli behov for 80 (17,13% auke) nye plassar i barnehage i 2025. Elevtalet vil auke med 88 (13,1%) på barnetrinnet og 33 (11,38%) på ungdomstrinnet i same tidsrom. Veksten vil truleg primært skje i sentrum.

2.3. Ressursinnsats

2.3.1. Nøkkeltal for kommunen

Stryn kommune har rimeleg effektiv drift samanlikna med dei det er naturleg å samanlikne med (kommunegruppe = tilsvarende kommunar):

Nøkkeltal frå KOSTRA – barnehage (per 15.03.14)

Område	Stryn	Gruppe 10	Sogn og Fjordane	Landet eks. Oslo
Brutto driftsutg. per barn , ord.barnehage, styrka barnehage , lokale og skyss	146.390	157.237	155.227	162.972
Netto driftsutgifter per barn	111.399	112.684	118.535	119.085

6 av dei 9 kommunale barnehagane er samordna med skule og SFO (to av oppvekstsentrana har ikkje SFO tilbod). Samordningsvinstane slår ut i lægre driftskostnader. Kommunen yter tidleg innsats i høve barn med nedsett funksjonsevne, og kommunen har langt fleire fleirspråklege barn enn snitt i fylket og landet, og talet er aukande. Likevel nyttar kommunen mindre til barnehagedrift enn snittet i fylket og landet. Det vert drive svært kostnadseffektivt. Samordning mellom skule/SFO/barnehage kan vere ei forklaring, og at vi ikkje har ledig kapasitet i høve bemanning.

Nøkkeltal frå KOSTRA – grunnskule (per 15.03.14):

Område	Stryn	Gruppe 10	Sogn og Fjordane	Landet eks. Oslo
Netto driftsutg. til grunnskule per elev	89.794	82.169	92.731	79.380
Netto driftsut. skulelokale per elev	13.614	15.107	17.221	16.349
Netto driftsutgifter skuleskyss – per elev	2.414	2.936	2.273	1.974



Kommunen har eit relativt høgt tal skysselevar trass i desentralisert struktur. Det har sjølv sagt noko med avstandar å gjere, men og med omfanget av kommunal skyss som er gjeve etter særskild vurdering av trafikkfaren.

Kommunen skil seg ut både i høve fylket og landet når det gjeld tal enkeltvedtak i høve spesialundervisning. Det har samanheng med omlegging av ressursfordelinga. Det er i større grad lagt til rette for å styrke den ordinære opplæringa.

Det er eit langt større tal fleirspråklege elevar i Stryn enn snittet i fylket og landet, og elevtalet er aukande. Det påverkar kostnadsnivået, og fører til større kostnader per elev.

Nøkkeltal frå KOSTRA – SFO (per 15.03.14):

Område	Stryn	Gruppe 10	Sogn og Fjordane	Landet eks. Oslo
Del innbyggjarar i aldergruppa 6-9 år i SFO	39,1	36,4	36,7	55,4
Brutto driftsutg. i SFO per brukar	22.626	24.594	23.856	25.140.

Tal brukarar av SFO er redusert med 3,3 prosentpoeng frå 2012, og det er relativt få av elevane som nyttar SFO samanlikna resten av landet. Vi nyttar 5,4% mindre midlar til SFO per brukar enn snittet i fylket.

Vaksenopplæring (rekneskap 2013):

Tekst:	Rekneskap
Utgifter	5.146.434
Inntekter	- 3.188.136
Netto drift	1.958.298

Arbeidsinnvandrarar har ikkje rett til gratis undervisning, men får same tilbod som flyktningar, mot betaling.

2.3.2. Ressursbruk i barnehagesektoren


Inntektsgrunnlaget for barnehagane vart endra i 2011. Statlege øyremerka tilskot til barnehagedrift vart lagt inn i kommunen sitt rammetilskot frå 2011. Kommunen sitt ansvar som barnehagemynde omfattar det totale ansvaret for finansiering av barnehagane. Dette inneber at kommunen har plikt til å finansiere dei barnehagane som var i drift eller hadde fått godkjenning per 31.12.10.

Kommunen skal også syte for at godkjende ikkje-kommunale barnehagar skal behandlast likeverdig med kommunale barnehagar ved tildeling av offentleg tilskot til ordinær drift, som ikkje vert dekkja av andre offentlege tilskot og foreldrebetaling.

Som barnehagemynde skal kommunen legge til rette for at barnehagane har ressursar som gjev alle barn eit likeverdig og kvalitativt godt barnehagetilbod.



Netto driftsutgifter var i gjennomsnitt kr. 111.399,-per barn i 2013. Ressursinnsats i den enkelte barnehage:
(Kostra per 15.03.2014)



Tala kan variere frå år til år, og dei som dreiv mest kostnadseffektivt i 2013 var Nordsida, Oppstryn og Loen, medan Olden og Tonning barnehagar var mest kostnadskrevjande. Kostnadene kan ikkje heilt samanliknast p.g.a. at tal barn med særskilde hjelpebehov og tal fleirspråkleg barn varierer. Tal delte plassar verkar også inn på kostnad per barn.

Foreldrebetaling for barnehageplass vil framleis vere ein viktig faktor i barnehagane sitt inntektsgrunnlag. Retningsliner for fastsetting av foreldrebetaling i barnehage er regulert i eiga forskrift. Maksimalpris på foreldrebetaling vert fasett av Stortinget gjennom årleg budsjettpakke. Stryn kommune har ikkje inntektsregulert foreldrebetaling. Dersom dette blir eit lovkrav, vil det føre til inntektstap for kommunen.

Ressursar til dei ulike barnehagane må vere utforma slik at kvar barnehage kan planlegge både på kort og lang sikt. Dette gjeld ressursar knytt til bemanning, driftsrelaterte oppgåver og ekstra tilrettelegging og tiltak til barn som treng det. Viktige element som må takast omsyn til vil vere:

- Ressurstillgang på bakgrunn av barnegruppe og grunnbemanning
- Tilrettelegging slik at barn med særskilde behov får eit tilbod innanfor barnehagen sitt normaltilbod
- Retten til spesialpedagogisk hjelp etter Opplæringslova §5-7
- Utviklingstiltak
- Fleirspråklege barn i førskulealder
- Utgifter til pedagogisk arbeid (utstyr, inventar og leikar)
- Andre driftsrelaterte oppgåver
- Vedlikehald av bygg og uteareal




2.3.3. Ressursbruk i grunnskulesektoren

Det finst ikkje eit nasjonalt system for tildeling av ressursar innanfor grunnskuleområdet. Frå å vere detaljstyrt frå staten på 80-talet, er det no mykje opp til den enkelte kommune korleis dei prioriterer ressursar til sektoren. Etter at øyremerka midlar til fleirspråklege elevar vart lagt inn i rammetilskotet i 2006, skjer all overføring av midlar frå staten gjennom rammetilskotet. I 2003 vart opplæringslova § 8-2 endra slik at delingstalet for klassar fall vekk. Dette vart erstatta med eit krav om at elevane skal delast i klassar eller basisgrupper som tek vare på deira behov for sosialt tilhøyre. Samstundes vart det presisert at klassesidelingsstalet skal ligge til grunn for minstenivå for ressurstildeling. Krav om tilpassa opplæring og rett til forsvarleg opplæring krev eit høgre ressursnivå enn ein minsteressurs ut frå klassesidelingsstalet vil gje.

Det er skuleeigar som har ansvar for at opplæringa på den enkelte skule blir organisert i samsvar med lover og forskrifter, og at skulane blir tilført nødvendige ressursar i tråd med dette. Skulane våre er svært ulike, det er difor utfordrande å finne fram til ein måte å fordele ressursar på som sikrar likeverdig opplæring. Det er mange faktorar som skal reknast inn for å kome fram til ein samla ressursinnsats for kvar skule:

- Tal elevar og fordeling på årstrinn/klasse
- Undervisningstimetalet for elevane på ulike trinn
- Tidleg innsats
- Ulikt undervisningstimetal for lærarane på barnetrinn og ungdomstrinn
- Ressurs til rådgjevar og sosiallærar
- Tal fleirspråklege elevar
- Spesialundervisning etter enkeltvedtak
- Behovet for styrkingstiltak
- Leksehjelp
- Fysisk aktivitet
- Ungdomstrinnsatsinga

Netto driftsutgifter var i gjennomsnitt kr. 89.794,- per elev grunnskulen i 2013. Fordeling på den enkelte skule:





Storesunde skule var i drift våren 2013, og driftskostandene det halvåret er plussa på Tonning skule. Samla elevtal er brukt. Det er relativt store skilnader mellom skulane, Oppstryn skule brukte i 2013 kr. 111 000 per elev, Rand skule 101 000, Tonning skule kr. 86 000 og Nordsida kr. 85 000. Dette skuldast m.a. ekstra ressursar p.g.a. spesialundervisning og fleirspråklege elevar.

2.3.4. Ressursbruk i vaksenopplæringa

Ressursbruk 2013:

Netto drift	1.958.298
--------------------	------------------

Dette utgjer ein kostnad per elev på ca kr. 22.300,-. Då har ein tatt med alle dei 88 elevane, men 40 av desse er arbeidsinnvandrarar som får opplæring til sjølvkost. Kostnad per elev rekna etter dei 48 andre elevane blir då kr. 40.797,-. Dette er likevel ikkje heilt reelle utrekningar, men vi kan seie sikkert at norsk med samfunnsfag for flyktninger utgjer 85,8% av kostnadane.

Det er ei utfordring med eit aukande behov for spesialundervisning for vaksne.

2.4. Struktur

2.4.1. Innleiing

Stryn kommune har ein desentralisert barnehage- og skulestruktur, med 9 kommunale og 2 private barnehagar, 8 grunnskular og eit vaksenopplæringsenter.





Seks av barnehagane våre er samlokalisert med skule. Denne ordninga har fungert godt. Samlokaliseringa gjev tett samarbeid om overgang barnehage – skule, og både barnehage og skule kan drive meir rasjonelt med omsyn til økonomi.

Barnehage- og skuletilbodet i kommunen må til ei kvar tid tilpassast forventa vekst i barne-/elevtalet. Tal barn 0 – 15 år er forventa å stige jamt framover (jfr. SSB si folketalsframskriving). Kapasitet i barnehagar og skular vil, dersom ein legg SSB sine framskrivingar til grunn, bli ei utfordring som ein må ta med seg i kommunalt planarbeid. Kapasitetsproblema vil variere einingane mellom. Det er mange faktorar som spelar inn her, m.a. tilgjengelege bustadtomter og innvandring.

2.4.2. Barnehage

Barnehageeigar sitt ansvar er definert fleire stadar i barnehagelova. § 7-9 omhandlar barnehageeigar - kommunen og fylkesmannen sitt ansvar. Barnehageeigar skal drive verksemda i samsvar med gjeldande lover og regelverk. Ifølgje § 12a har barn rett til plass i barnehage. Barn som fyller eitt år seinast innan utgangen av august det året det vert søkt om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage frå august. Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen det er busett. Kommunen skal ha minimum eitt opptak i året. Utbyggingsmønster og driftsformer skal tilpassast lokale forhold og behov. Barnehagane i dei minste krinsane har ledig kapasitet, medan det er mangel på plassar i sentrumsområda.

Oversikt over plassar i dei kommunale barnehagane per 15.12.13

Stryn kommune har per dato full barnehagedekning etter lova fordelt i desse barnehagane:

Barnehage	Samla b.tal	Heile plassar	Delte plassar	Barn < 3	Barn > 3	Tal min. språk barn	Tal min. språk
Oppstryn	20	17	3	6	13	2	1
Vikalida	78	75	3	38	50	9	5
Tonning	104	101	3	36	68	32	11
Nordsida	29	24	5	10	18	3	2
Rand	9	7	2	5	4	1	1
Loen	39	37	2	8	31	12	4
Olden	50	45	5	18	30	11	6
Innvik	25	24	1	8	17	5	4
Utvik	19	13	6	6	13	3	2
Sum	373	343	30	135	244	78	

I tillegg er det to private barnehagar i Stryn sentrum:

- Stryn Bedriftsbarnehage AS – 2 ½ avdeling
- Minidoffen familiebarnehage – 5 heildagsplassar for barn under 3 år.

Barnetalet er forventa å stige med 80 barn (17,1%) fram mot 2025, jfr. tabell s. 33.



2.4.3. Grunnskule

Stryn kommune har hatt og har ein desentralisert skulestruktur. Over tid er nokre av dei små grendaskulane lagde ned. No har vi ein rein ungdomsskule, ein kombinert barne- og ungdomsskule og seks barneskular. Elevtalet har vore relativt stabilt på rundt 950 dei siste 10 åra, og årskulla ligg mellom 80 og 100.

Oversikt over elevtal skuleåret 2013/2014 (GSI 01.10.2013):

Klasse:	1.	2.	3.	4.	5.	6.	7.	8.	9.	10.	Sum
Oppstryn skule	2	4	2	4	5	6	5				28
Tonning skule	52	51	46	46	55	39	55				344
Nordsida	7	8	6	4	7	4	7				43
Rand	4	3	5	4	2	3	3				24
Loen	10	4	9	5	8	12	13				61
Vikane	9	14	10	13	16	14	8				84
Olden skule	10	16	12	8	15	11	11	25	24	32	164
Stryn ungdomsskule								67	63	68	198

Framskriving viser ein forventa vekst fram mot 2025 på 88 elevar (13,1%) på barnetrinnet og 33 elevar (11,4%) på ungdomstrinnet. Veksten vil truleg bli primært i sentrum.

2.4.4. Bygg og uteareal

Barnehagane i Stryn kommune held generelt ein bygningsmessig god standard. Det har vore gjennomført ei rekke utbyggingar/rehabiliteringar dei siste åra. Tonning barnehage står att, men her er vedtak om delvis utbetring gjort. I samband med bygging av nytt omsorgssenter, vil Tonning barnehage bli samla og utbygt, avdeling Bøagrenda vil bli lagt ned og barna flytta til Tonning barnehage.

Det har skjedd ei kontinuerleg opprusting av skulane våre, og per i dag har både elevar og tilsette relativt gode arbeidsvilkår. Det må likevel leggast til rette for kontinuerleg rehabilitering og nybygg for til ei kvar tid dekke lovkrav og endring i elevtal. I 2015/2016 vil det bli problem med kapasiteten på Tonning skule, då det vil bli tre parallellear i 1. klasse dette året. Per i dag har ein Storesunde som avlastingsskule. Dette er inga god løysing då elevane misser lovpålagt undervisningstid. For å samle Tonning skule må utviding planleggast og realiserast. Strakstiltak må gjerast i ein ovegangsfase.

Lokala til Stryn Vaksenopplæringsenter i 2. etasje i kulturhuset er ikkje optimale. Kapasiteten er sprengd og sambruk med kulturskulen er utfordrande. Skulen treng nye, moderne lokalitetar som tener formålet.

Stryn ungdomsskule har ikkje tilfredsstillande uteområde og planlagt kjøp av tilleggsareal må gjennomførast.

Utfordringar:

- Fornying og vedlikehald av bygg og uteområda.



2.5. Kvalitetssikring

Stryn kommune skal legge til rette for kvalitet. Vi har innført elektronisk verktøy – Kvalitetslosen - for å følge opp og sikre kvalitet i tenestetilbodet. Andre element i ei kvalitetssikringssystemet er:

- Nasjonalt kvalitetsvurderingssystem: Nasjonale prøvar, Elevundersøkinga, skulebaserte vurdering og årleg tilstandsrapport frå skuleeigar. Dette er lovfesta delar av systemet.

På www.udir.no og www.Skoleporten.no finst nærmere omtale av nasjonalt kvalitetsvurderingssystem og rettleiingar og verktøy til bruk i kvalitetsvurderingsarbeidet.

Den årlege tilstandsrapporten er utgangspunkt for dialog, drøfting og planlegging av arbeidet med kvalitetsutvikling i Stryn kommune.

- Årsrapport/verksemndplan: Barnehagane og skulane utarbeider årleg pedagogisk årsrapport/verksemndplan der valde fokusområde skal vurderast utifrå:
 - **strukturkvalitet** – rammer for opplæringa
 - **prosesskvalitet** – opplæringspraksis, det arbeidet som blir gjort
 - **resultatkvalitet** – verdiar/resultat som vert skapte

Årsrapporten dannar grunnlaget for kommunen sin årlege rapport og for dialogmøte mellom alle nivå.

- Dialogmøte: Stryn kommune nyttar dialog som eit viktig verktøy i kvalitetsutviklings-/kvalitetssikringsarbeidet:
 - Dialogmøte med foreldre/føresette: Avdelinga/trinnet sitt årsmøte
Mål/kriterium skal ligge til grunn for møtet. Samarbeidsutvalet skal involverast i arbeidet
 - Årleg dialogmøte/tilsynsmøte med skuleeigar/administrasjonen: Eit felles tema + barnehagen/skulen sitt sjølvvalde tema
 - Dialogmøte med politikarane i løpet av valperioden: Eit felles tema + barnehagen/skulen sitt sjølvvalde tema
- Obligatoriske prøver i norsk og samfunnsfag for deltakarane på norskundervisninga på Stryn Vaksenopplæringssenter

Tilsyn

Kommunen har etter barnehagelova § 16, plikt til å føre tilsyn med barnehagane. Denne kontrollen har som formål å sikre at barnehagane driv i tråd med barnehagelova og er forsvarleg. Alle barnehagane, inklusiv dei private, har hatt tilsyn i 2013/2014. Pålegg om retting er gjort.

Staten, gjennom fylkesmannen, fører tilsyn med grunnskular og vaksenopplæring om lovkrav og pålegg vert følgd.



2.6. Oppvekstsektoren framover – mulegheiter, utfordringar og dilemma

Tilgangen på ressursar er ein viktig rammefaktor for arbeidet med barn, unge og vaksne. Det økonomiske grunnlaget og prioriteringar i bruk vil ha innverknad på kvalitet i tenesteytinga. Dersom ein skal ivareta oppgåvane lagt til sektoren på ein kvalitativ god måte, er det nødvendig å organisere slik at ressursane strekk til. Dagleg står ein i eit krysspress mellom krav og forventningar frå brukarane og kva som faktisk er muleg å få til innanfor dei ressursrammer ein har til rådvelde.

2.6.1. Barnehage

Utfordringar:

- Sikre at alle som har krav på det får tilbod om barnehageplass. Største utfordringa blir plassar i sentrum
- Auke grunnbemanninga frå 3,1 til 3,3 vaksne per avdeling (10/20 barn)
- Renovering for å tilpasse til små barn og barn med særlege behov
- Utbygging/strukturendringar for å få til auka kapasitet i Stryn sentrum
- Synkande barnetal i Vikane - kan det vurderast å slå saman avdelingane Innnvik/Utvik?
- Synkande fødselstal i Loen - vil innvandring endre dette biletet?
- Er det aktuelt å styre busetting ut av sentrumskjerna, t.d. i høve plassering av gjennomgangsbustadar, tilrettelegging/planlegging av byggefelt?
- Bør det ligge ei minstenorm for tal barn per eining? Både med tanke på få barn på same alder, og at tilsette blir åleine med barna
- Renovering av eldste fløy i Tonning barnehage
- Sommarstengde barnehagar er ei utfordring for ein del barnefamiliar. Dersom vi skal ha opne barnehagar heile sommaren, vil det føre til auka kostnadar, og det må tilførast midlar.

2.6.2. Grunnskule og SFO

Skulane sine areal må i størst muleg grad legge til rette for ei opplæring i tråd med Kunnskapsløftet, areal som innbyr til aktivitetar og bygningar som inviterer til læring. Uteområda må vere slik at dei innbyr til konstruktiv samhandling og tilpassa aktivitet. Det er viktig at barn og unge har høve til å utfalde seg i ulike former for fysisk aktivitet, og dette må vektleggast og prioriterast ved fornying/vedlikehald. Skuletilbodet i kommunen må til ei kvar tid tilpassast lovkrav og forventa elevtal. Utstyr og læringsmateriell utgjer eit viktig element og ein vesentleg rammebetiningelse i opplæringa. Gjennom Kunnskapsløftet er det lagt føringar for at skular må ha stort fokus på individuelt tilrettelagt opplæring, og det tvingar fram stor variasjon i læringsmateriell og differensiering i bruk av materiell.

IKT:

Det er viktig å halde tritt med den teknologiske utviklinga. Per i dag er skulane bra utrusta med PCar og trådlause nettverk, men vi slit med stabilitet på nettverk og oppfølging/teknick support. Denne teknologien er stadig i endring. Framover er det naturleg med ei kontinuerleg fornying/vedlikehald tilpassa nye lovkrav og teknologisk utvikling. Det er svært viktig å syte for ein operativ og brukarvenleg infrastruktur (nettverk og serverkapasitet) som taklar den auka bruken framover. Kompleksiteten gjer det også nødvendig med teknisk personale lokalt tilgjengeleg.



2.6.3. Vaksenopplæring

For å gje deltakarane på vaksenopplæringa dei ferdigheitene og den kunnskapen dei treng for å bli økonomisk sjølvstendig og få eit samfunnsaktivt liv, er det viktig å ha fokus på arbeid og utdanning. Dette må prioriterast ved å gje:

- Grunnskuletilbod for vaksne
- språkpraksis
- Introduksjonsprogram på fulltid

Stryn kommune forpliktar seg ved å ta imot flyktningar, til å gje dei eit heilårleg program med 37,5 timer per i veka. Norskundervisning skal vere ein stor del av dette, men det må også inn andre tiltak for å fylle programmet. Slik det er per dato, har flyktningar i introduksjonsprogrammet ikkje eit fullverdig tilbod.

Aktuelle tiltak utover opplæringstilbodet :

- Sommarskule med norskundervisning
- Trafikalt grunnkurs
- Køyreopplæring
- Kurs i bruk av digitale verktøy

2.6.4. Struktur i oppvekstsektoren

Kunnskap om behov for barnehage- og skuleplassar er grunnlaget for planlegging av utbygging og organisering av oppvekstsektoren framover. Sektorene har dei siste åra fått så mange pålegg om kostnadskutt i drift, at «smerteterskelen» synast nådd. Det har ved fleire høve vore reist debatt om tal barnehagar og skular bør reduserast. Seinast i omstillingsprosessen i 2013 vart ulike alternativ for dette greia ut og problematisert både i høve økonomi og bygningar. Det kan ikkje forventast å få til ytterlegare kutt utan at det går utover kvaliteten i tenestene.

Konsekvens- og kostnadsutgreiingar vart gjort i samband med omstilling i prosjekt 2013 og plangruppa har vurdert det slik ytterlegare vurderinger kan gjerast når det ligg føre konkrete framlegg til strukturelle endringar. Plangruppa har difor berre peika på tiltak som kan vere muleg å gjennomføre.

Barnehage:

Framskrivingar av folketalet tilseier at Stryn kommune samla må auke kapasiteten i barnehagane, særleg i sentrum. Hovudopptaket til barnehageplass har dei siste åra vist at det er barnehageplass til alle, men at førstevalet ikkje alltid vert innfridd.

Faktorar som kan verke inn på behovet for nye barnehageplassar:

- Omlegging av kontantstøtteordninga: Bortfall vil føre til større behov for barnehageplassar og auking, slik det er vedtatt i statsbudsjett 2014, til mindre behov for barnehageplassar
- Endring i barnehageopptak og retten til plass: Dersom regjeringa endrar bestemmelser i barnehagelova § 12, til to opptak per år, vil ein kunne anta at behovet for barnehageplassar vil auke. Det kan bli ein realitet at barn som er fødde i september eller oktober det året dei fyller eitt år, vil ha rett til barnehageplass



- Endring i barnehagesatsar
- Kommunen kan vedta å gje tilbod om barnehageplass til andre enn dei som har rett etter lova

Per i dag har Stryn kommune 343 heile plassar + 46 plassar i private barnehagar. I 2014 viser tala frå SSB; 468 barn i alderen 1 – 5 år, i 2020; 511 barn og i 2025; 547 barn. Kommunen har (2014), trass i fleire fødde barn enn plassar, full barnehagedekning, men dette vil endre seg i høve framskrivingstala, jfr. tabell s. 33:

2020 – behov for 53 fleire barnehageplassar, 2025 – behov for 79 fleire barnehageplassar

Erfaringar viser at veksten er størst i sentrum. Tonning barnehage vil etter utbetring auke kapasiteten med 0,4 avdeling – 8 plassar (4 plassar til barn under 3 år)

Med bakgrunn i lova sin definisjon av full barnehagedekning, må ein sjå etter tenlege løysingar for å dekke behova framover.

Aktuelle tiltak kan vere:

- Ta i bruk Storesunde skule som barnehage. Her vil det truleg vere plass til 4 – 5 avdelingar, dvs. 80 – 100 heile plassar (barn under tre år utgjer to plassar).
- Fleire barnehagebussar
- Ny barnehage i sentrum
- Styre busettinga (sjå pkt. 2.6.1)
- Halde fram med å gje foreldre tilbod om plass i andre bygder enn der dei primært søker

Skule:

Stryn kommune har valt ein skulestruktur med 8 grunnskular. Dette har vore eit politisk val for m.a. å styrke og vidareutvikle grenadene lokalt.

Den minste skulen i Stryn er Rand skule med i overkant av 20 elevar og den største er Tonning med rundt 350 elevar.

Med utgangspunkt i framskriving av elevtalet, er det forventa ein vekst på 88 elevar på barnetrinnet og 33 elevar på ungdomstrinnet fram mot 2025. Veksten vil truleg i hovudsak skje i sentrum. Dette vil få konsekvensar for organiseringa framover.

Dersom ein ser på internasjonal og norsk forsking om kvalitet i skulen i forhold til temaet skulestruktur, finn ein argument som både støttar opp under småskulestruktur og for ein struktur med større skular.

Argument som støttar opp under ein desentralisert skulestruktur:

- Stor verdi for grenadene
- Viktig for bustadbygging og utvikling i heile kommunen
- Nærmiøskulen skapar eit godt grunnlag for samarbeid mellom skule og nærmiljø
- Mindre behov for skuleskyss – fysisk aktive elevar
- God kapasitet til å handtere evt. vekst i elevtalet
- Samlokalisering barnehage/skule (oppvekstsenter)

Argument til støtte for ein sentralisert skulestruktur:

- Større og meir robuste pedagogiske miljø
- Større mangfold i elevgruppene, elevane kan velje vene ut frå interesser
- Færre bygningar å vedlikehalde/modernisere
- Meir rasjonell kommunal skuledrift



Statistisk sentralbyrå deler skulane inn i tre grupper:

- små skular = mindre enn 100 elevar
- mellomstore skular = 100 – 299 elevar
- store skular = meir enn 300 elevar

Stryn kommune har etter denne inndelinga ein stor skule - Tonning, to skular som er i kategorien mellomstore - Olden skule og Stryn ungdomsskule. Dei 5 andre barneskulane er i kategorien små skular.

Kommunen bør ta stilling til kor stor eller liten ein skule bør vere. Det vil vere mange omsyn å ta i ein slik prosess, og det må leggast til rette for grundige vurderingar uansett korleis ein vel å organisere tilbodet. Kvalitet i opplæringa må vektleggast.

Skulestrukturen vart vurdert endra i 2013. Konsekvensen av prosessen var at elevane ved Storesunde skule vart flytta til Tonning skule, og at Tonning skule nyttar Storesunde skule nokre dagar per veke. Dette er problematisk fordi skysslogistikken fører til tapt undervisningstid og dermed brot med lovkrava.

Aktuelle spørsmål til drøfting:

- Skal ein behalde eksisterande skulestruktur?
Det krev at ressurstilgangen er minimum på det nivået ein har i dag.
- Slå saman skular?
Det er ikkje eit mål at flest muleg elevar skal gå på Tonning skule, og det kan vere tenleg med buffertar mot Stryn sentrum for å unngå at Tonning skule veks seg for stor. Skulen har per i dag sprengd kapasitet. Kan det vere ei løysing å slå saman Rand og Nordsida? Er det aktuelt å slå saman Oppstryn og Storesunde til ein skulekrins? Slik vil ein skape sterke aksar som i tillegg kan fungere som solide buffertar mot Tonning skule
- Ein – to – eller tre barneskular i aksen Loen/Olden/Vikane?
- Ein eller to ungdomsskular?
- Minstenorm (og evt. maksnorm) for tal elevar per eining?
- Plassering av byggefelt/ gang og sykkelvegar?
- Framtidig drift av Stryn Leirskule?

Uavhengig av korleis ein framtidig skulestruktur skal sjå ut, må grundige konsekvensutgreiingar ligge til grunn for dei vedtak som blir fatta og diskusjonar rundt ønska kvalitet, økonomisk berekraft og tal skular - storleik på skular (minstenorm og maksnorm), må vurderast og greiast ut, både for og mot.

Når det gjeld SFO-tilbodet, ser vi det som viktig å oppretthalde ressursgrunnlag og bemanningsnorm for å vidareføre dei gode fritidsaktivitetane og tilrettelagde aktivitetane som SFO tilbyr per i dag. Det er ei utfordring å få til ein tenleg tilbodsstruktur og kunne tilby SFO til alle elevar som treng tilbodet, uavhengig av kva krins eleven høyrer til/elevgrunnlag ved skulen. Tilbodet må vurderast i samanheng med skule og evt. strukturdebatt vedrørande skule.

Stryn Vaksenopplæringsenter held til i 2. etg. på kulturhuset i samlokalisering med kulturskulen . Dette er ei utfordring, særleg i høve utstyr som må plasserast. Med stadig fleire brukarar og fleire lærarar på vaksenopplæringa er kapasiteten sprengt, og vi må vurdere andre lokale. Aktuelle løysingar kan vere:

- Bygge ut 2. etg. på kulturhuset over det eksisterande taket
- Ta i bruk Storesunde skule. Her må ein ta omsyn til skyssproblematikk . Vi har deltakarar busett i Utvik og i Hornindal, og det blir skyssing av deltakarar som ikkje har hatt behov for skyss før (introduksjonsdeltakarar som bur i Stryn). Det kan også bli upraktisk fordi



deltakarane ofte har avtalar med helsestasjon, tannlege m.m., særleg dei med barn. Det vil også bli ei utfordring å gjennomføre språkpraksis då praksisplassane ofte ligg i sentrum. Men dette kan organiserast ved å samle all språkpraksis til ein dag slik at det ikkje blir skyssbehov

- Leigemarknaden i Stryn sentrum. Dette vil føre til auka kostnadjar for Stryn kommune
- Vurdere plass til vaksenopplæringa i samband med utbygging av Tonning skule

Lokalisering av Stryn Vaksenopplæringssenter må takast opp til politisk vurdering , og det må gjerast grundig konsekvensutgreiing før vedtak blir fatta.



DEL 3: Handlingsprogram 2014 - 2018

Tiltak innanfor ramma

Innsatsområde	Mål	Tiltak	Ref. plan	År
Heilskapleg tenestetilbod	« <i>Ei dør</i> » når det er trøng for hjelp og tenester fra fleire hjelpeinstansar.	-Evaluere og justere kommunalt system for føremålet -Sjumilssteget	s. 9	2014/2015 2014/2015
Godt samarbeid med heimen	Samarbeid om foreldre/føresette si oppdragarrolle og barnehage/skule si opplæringsrolle	-God dialog, god informasjonsflyt -Klare mål og system for samarbeidet -Brukarundersøkingar som blir følgt opp med konkrete tiltak -Reell medverknadar gjennom råd og utval	s. 10	Kontinuerleg 2014/2015 Kontinuerleg
God integrering	Lære språket og aktiv deltaking i lokalsamfunnet	-Stimulere til at fleire søker barnehageplass og plass i SFO -Stimulere til aktiv fritid	s. 12	Kontinuerleg
Rekruttering av kvalifisert og kompetent personale	Tilsette med kompetanse som dekker lovkrava og sikrar læring	-Leiarutdanning for rektorar og styrarar -Arbeide for å få til desentraliserte utd.tilbod -Kurs og konferansar på ulike nivå -Halde fram med program for nyutdanna og introduksjonsprogram for nytilsette	s. 11	Kontinuerleg
Trygt og godt	Nulltoleranse for mobbing, vald og	-Sosial kompetanse som satsingsområde i alle skular og	s. 14	Kontinuerleg



læringsmiljø	trugslar	<p>barnehagar</p> <p>-Alle skular og barnehagar skal ha eigen handlingsplan for å få til eit godt og trygt læringsmiljø for alle (§9A).</p>		2014
Kvalitet i oppvekstsektoren	Kvalitet i tråd med lovkrav, samfunnsutvikling og forventningar	<p>-Lærande organisasjonar med vekt på samhandling, fleksibilitet og utvikling</p> <p>-Skulebasert kompetanseutvikling</p> <p>-Stimulere dei som er i arbeid, til å ta fagbrev</p> <p>-Utvikle framtidsretta tilbodsstruktur</p>	s. 15-26	<p>Kontinuerleg</p> <p>2014/2015</p> <p>Kontinuerleg</p>
Det 13-årige skuleløpet	Sikre heilskapleg grunnutdanning	<p>-Møtepunkt mellom grunnskule og vidaregåande skule</p> <p>-Utvikle gode fagmiljø på tvers av skuleslaga i ulike fag</p> <p>-Koordinere innsats og følgje opp arbeidet med Ungdomstrinnsatsinga</p> <p>-Utarbeide systemplan for samhandlinga mellom grunnskule og vidaregåande opplæring</p>	.m.a. s 27	Kontinuerleg

Tiltak som krev ekstra ressursar – prioritert

	Driftstiltak	S. i plan. M.a.	Kostnad
1	Fulltidstilbod i introduksjonsprogrammet	s.26	250.000- årleg
2	Stilling som psykolog i den kommunale helsetenesta/skulehelsetenesta (Helse og sosialetaten)	s.26,42	(750.000- årleg)
3	Grunnskuleopplæring for voksne – lovpålagt oppgåve	s.26, 42	600.000 - årleg



4	Auka bemanning barnehage – gradvis opptrapping mot 2020 – 3 vaksne per 9/18 barn - 4,6 nye årsverk	s. 17, 41	2.100.000 – årleg
5	Færre elevar per kontaktlærar – frå 15 til 12	s. 19	Ca 500.000 - årleg
6	Auka vikarbudsjett	s. 19	700.000 - årleg
7	IKT: Utbygging av infrastruktur, oppgradering og utskift av utstyr. Tilsette lokal teknisk personale	s.12	720.000 - årleg
8	Støttefunksjonar i barnehage/grunnskule. Utvida kapasitet på merkantilt personell med 1 årsverk		503.000 - årleg
	Auka løyvingar til lærebøker		150.000 - årleg
	Fleire lærlingar		150.000 - årleg
	Sommaraktivitetar for nye barn og unge		100.000-årleg
	Kompetansegevande vidareutdanning		400.000-årleg
	Ekstra kostnadar til drift etter utbygging av Tonning barnehage	s.39	Avhengig av løysing

Investering – prioritert

1	Strakstiltak Tonning skule: Brakkeløysing 2. år: 283.000	s.39	1. år: 463.000
2	Tenlege lokale til Vaksenopplæringssenteret	s.39	Avhengig av løysing
3	Tilleggsareal til Stryn ungdomsskule. Nærmiljøanlegg/skuleplass. Innvestering grunnkjøp	s. 39	1.000.000
4	Ferdigstilling Tonning barnehage	s. 41	11.000.000??
5	Utbygging Tonning skule	s. 39	30.000.000
6	Vedlikehald av utemiljø og leikeplassar	s.39	500.000 - årleg
7	Nye barnehageplassar	s.41	Avhengig av løysing

Vi har tatt med større utbyggings- og vedlikehaldsprosjekt, men ikkje bygg vedlikehald, då det er bygg- og vedlikehaldsavdelinga sitt ansvar.



Litteratur:

Turmo, Are: *Utdanning 2011: Læringstrykk i grunnopplæringen – et uutnyttet potensial?*, Oslo 2011

Lillejord, Sølve: Ledelse i en lærende organisasjon, Oslo 2003

St. meld. 18 (2010–2011) Læring og fellesskap. Tidlig innsats og gode læringsmiljøer for barn, unge og voksne med særlige behov

St. meld. 22 (2010 – 2011) Motivasjon – Mestring – Muligheter, Ungdomstrinnet

St.meld. nr. 16 (2006-2007) "".....og ingen stod igjen"

St. meld. nr. 31 ((2007-2008) "Kvalitet i skolen"

St. meld. nr. 41 ((2008-2009) "Kvalitet i barnehagen"

St.meld nr. 24: (2012 – 2013) «Framtidas barnehage»

St. meld. nr. 19 ((2009-2010) "Tid til læring" (Oppfølging av Tidsbruksutvalets rapport)

St.meld.nr. 20 (2012-2013) På rett vei – kvalitet og mangfold i fellesskolen

NOU 2012: 1, Til barnas beste, Ny lovgivning for barnehagene

NOU 2009: 18 "Rett til læring" (Betre læring for barn, unge og voksne med særskilte behov)

NOU 2009: 22 "Det du gjør, gjør det helt" (Betre samordning av tenester for utsette barn)

NOU 2010: 7 "Mangfold og mestring" (Fleirspråklege, born, unge og voksne i opplæringssystemet.)